



Aukra kommune

# Årsmelding 2010



Aukra kommune





## Innhald

	<i>Side</i>
Rådmannen	2
Utviklingstrekk i Aukra	5
Rekneskapsprinsipp, analyse av resultat og hovudtal	8
Økonomiske hovudoversikter	18
Medarbeidar og organisasjon	21
Økonomiavdelinga	24
Administrasjonsavdelinga	26
Pedagogisk rådgjevar, skule og barnehagefagleg ansvarleg	27
Riksfjord skole	30
Julsundet skole	32
Barnebo barnehage	35
Bergetippen barnehage	38
Oppvekst og kultur	41
Pleie og omsorg	44
Helse	49
Plan, samfunn og utvikling	51
Forvaltning, drift og vedlikehald	53
NAV	56



## Rådmannen



Rådmann Dagfinn Aasen

### Gode utsikter for Aukra-samfunnet

Ny tid. Aukra kommune har i løpet av få år endra seg frå å vere ein alminneleg, relativt fattig kystkommune til å bli ein dynamisk organisasjon med store ressursar, der aktivitetsnivået stadig blir heva. Omstillingane i kommunen gjer seg utslag over alt – i lokalsamfunnet generelt, i tenesteytinga, i næringslivet, i bygge- og anleggsverkemd. Kommunen har etterkvart fått ein posisjon regionalt og delvis nasjonalt som få kommunar får oppleve. Årsaken til alt dette er sjølv sagt Ormen og Nyhamna. Gassrelaterte aktivitetar, og dei inntektene dette fører med seg, har ført Aukra kommune opp i ein høgare divisjon. Kommunen har fått mulegheit til å gjennomføre etterlengta og nødvendige lokale tiltak, samstundes som betydelege ressursar blir delt med regionen. Dette er ein vinn-vinn-tilstand.

**Godt år.** Administrativt har 2010 vore eit svært hektisk år. På dei aller fleste tenesteområda er det utvikling og vekst, viktige velferdsgoder framstår som enda betre enn tidlegare, tenesteytinga er på høgt nivå, og det samla økonomiske resultatet er godt.

### Styringsproblematikk - utgiftsutvikling.

Ressursbruken (pengebruken) i 2010 er på mange områder for høg i forhold til kva det burde koste å yte tenestene. Det har kome fram i kostra-samanlikningar, i ulike undersøkingar som KS og andre aktørar gjennomfører. Kommunen får gode skussmål for kvaliteten i og omfang av tenesteproduksjon og tenesteyting, men får kritiske kommentarar til kostnadane med å framskaffe desse tenestene. Derfor er det så viktig at kommunestyret i samband med budsjettbehandlinga for 2011 ga signal om at ressursbruken på viktige tenesteområder må begrenast. "Litt over" er no definert til 10-15 % over snittet for t.d. kommunane i Møre og Romsdal.

Reduksjon i dagens driftsutgiftsnivå har ikkje minst samanheng med ei svært ambisiøs økonomiplan, der investeringstakta dei næraste åra vil tilseie ein kraftig auke i kapitalkostnadane. Desse nye kostnadane (og nye "ordinære" driftsutgifter som direkte følgje av nye investeringar) må dekkast over driftsbudsjettet.

**Inntektsutvikling.** Folketalet har i seinare tid vist ei positiv utvikling. Det er svært viktig for ein kommune å oppretthalde og helst auke folketalet, fordi statlege overføringar blir berekna ut frå dette. Inntektssystemet er detaljert og følgjer i stor grad den demografiske utviklinga i kommunane. (For Aukra sin del kan ein vel heller snakke om statlege *tilbakeføringar*, idet det frå Aukra-samfunnet blir overført 8-900 gassmillionar kvar veke til storsamfunnet).

**Planarbeid.** I 2010 har det vore utført eit betydeleg planleggingsarbeid, både på overordna nivå (samfunnsplana) og på detaljnivå for tenesteutvikling. Dette samla kommuneplanarbeidet dannar eit godt grunnlag for samordna utvikling og satsing. Det bør i




samband med dette også framhevast at kommunens næringsrelaterte arbeid har vore grundig vurdert, både gjennom oppstart av næringsplanarbeidet, vedtak om stimuleringsfond for næringslivet, m.v. Planprosessar som dette vil bli avslutta i 2011.

Gjennom tettstadplanlegging på Gossen, og planlegging for ei samla utvikling i Julsundet, må det leggest til rette for at dei ønskja og behova som kom fram i m.a. samfunnsplanprosessen og innbyggerundersøkinga, blir fanga opp og realisert. Bulyst og trivsel er føresetnadar for framtidig vekst. Tilrettelegging for ny busetnad og varierte buformer, utnytting og formidling av gode låneordningar, etc. blir viktige verkemiddel.

**Gass.** Utviklinga i Norskehavet vil bli viktig for Aukra i åra som kjem. Det ligg i m.a. Gassco sine planar å føre gassen frå nye felt til Nyhamna, og det vil i så fall gi gode, sikre og langsiktige rammevilkår for kommunen og regionen. Å arbeide for lokal utnytting av gass som ressurs bør vere ei sentral utfordring for kommunen framover.


Eg vil takke kommunens tilsette for stor innsats og godt utført arbeid i 2010, og takken går også til kommunens folkevalde og alle samarbeidspartar både i og utanfor kommunen. Aukrasamfunnet er i positiv utvikling, og har gode utsikter! Det gir god energi til vårt framtidige arbeid.

## Organisasjonsplan 2010





## Organisasjonsplan 2011



*Dagfinn Aasen  
Rådmann*



## Kort om utviklingstrekk i Aukra

### BEFOLKNING

Ved utgangen av 2010 hadde folketalet auka med 53 innbyggjarar til 3.249. Dette tilsvarer ei auke på 1,6 % frå året før.

År	Fødte	Fødsels- overskot	Netto - innflytting	Folke- tilvekst
1999	31	0	17	17
2000	38	5	-15	-10
2001	40	19	38	57
2002	28	-3	15	12
2003	27	12	6	18
2004	37	15	-18	-3
2005	45	16	33	49
2006	44	18	25	43
2007	44	14	18	32
2008	37	10	-1	9
2009	40	5	9	14
<b>2010</b>	<b>34</b>	<b>20</b>	<b>33</b>	<b>53</b>

### Utvikling i folketalet på Gossen og i Julsundet 2002 - 2010

pr.31.12.	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Gossen	2387	2388	2387	2415	2421	2424	2422	2437	2476
Julsundet	632	648	640	661	679	696	717	722	764
Uoppgitt*)	19	19	23	23	42	54	44	38	9
<b>Aukra</b>	<b>3038</b>	<b>3055</b>	<b>3050</b>	<b>3099</b>	<b>3142</b>	<b>3174</b>	<b>3183</b>	<b>3197</b>	<b>3249</b>

\*)personer busett i Aukra men som ikkje er registrert i ein krins.

### Utvikling i befolkningsstruktur 2002 - 2011

	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
<b>0-5 år</b>	252	241	229	229	240	255	257	260	270	272
<b>6-15 år</b>	424	435	439	442	451	455	464	441	434	442
<b>16-66 år</b>	1 902	1 919	1 931	1 915	1 938	1 962	1 984	2 003	2 012	2 034
<b>67 år og eldre</b>	448	443	456	464	470	470	469	479	480	501

Kilde SSB: Befolkningen etter kjønn og alder. 1.1. 2011. Prosent

**SYSSELSETTING OG PENDLING**

Talet på yrkesaktive busett i Aukra og talet på pendlarar inn til kommunen ser ut til å stabilisere seg, medan det er ein nedgang i talet på personar som har arbeidsstaden sin i kommunen.

	Sysselesatte busett i Aukra	Personar som pendlar til Aukra	Personar som pendlar ut av Aukra	Sysselesatte med arbeidsstad i Aukra
2009	1674	290	708	1256
2008	1670	287	642	1315
2007	1691	369	637	1423
2005	1552	171	622	1101
2003	1497	119	535	1081
2001	1504	139	531	1112

**AVFALLSTATISTIKK**

Avfall i tonn Aukra kommune	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Restavfall i tonn	353	615	526	466	345	
Utsortert papir og papp fra husholdningsavfallet	154	209	199	201	163	-
Utsortert glass fra husholdningsavfallet	37	38	37	42	42	-
Utsortert plast fra husholdningsavfallet	22	27	31	34	28	-
Utsorterte metaller fra husholdningsavfallet	14	15	4	17	42	-
Utsortert våtorganisk avfall frå husholdningsavf.	126	192	231	295	222	-
Utsorterte tekstiler fra husholdningsavfallet	9	12	11	12	15	-
Utsortert mengde farlig avfall fra husholdningene	10	61	12	6	16	-
<b>Restavfall kg.pr.innbygger (tal frå RIR)</b>	136,97	146,68	137,95	120,41	117,7	122,4

Kjelde: SSB

**BUSTADBYGGING**

Det har i 2010 vore bygd færre rekke-/terrassehus enn dei føregåande åra. Det er difor ein stor nedgang i talet på igangsette *bustadeiningar*, medan talet på bygde *einebustader* er omlag som før.

År	Bustadeiningar igangsett
2005	28
2006	30
2007	26
2008	37
2009	32
2010	11

**KOSTRA - dekningsgrad, produktivitet og prioritering. Utvikling siste fire år**

(\*tal for 2010 er ikkje endelege)

<b>Dekningsgrad</b>	<b>2010*</b>	<b>2009</b>	<b>2008</b>	<b>2007</b>
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	89,4	83,8	83,5	79,1
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, prosent	5,5	5,4	4,3	3,4
Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	9,2	8,8	8,8	8,9
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	9,2	9	8,8	8,8
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	21,3	22	23,3	21,2
Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år	2,0	1,8	1,4	1,2
Andel barn med barneverntiltak ift. innb. 0-17 år	2,4	1,9	2,6	2
Lengde kommunale veier og gater i km pr. 1 000 innbygger	12,9	13,1	13,2	13,2
Sykel-, gangveier/turstier mv. m/kom. driftsansvar per 10 000 innb.	111	113	113	98
Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere	13	13	12	13

<b>Produktivitet/enhetskostnader</b>	<b>2010*</b>	<b>2009</b>	<b>2008</b>	<b>2007</b>
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage	139 557	147 191	145 531	118 285
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole (202, 222, 223), per elev	114 200	105 330	91 795	81 717
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.til 7.årstrinn	-	10,6	10,6	12,9
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.til 10.årstrinn	10,4	10,4	10,7	12,4
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av kjernetjenester til hjemmeboende (i kroner)	171 191	153 319	149 120	127 241
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	-	728 935	690 804	645 283
Brutto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate	160 095	139 452	156 548	198 167

<b>Prioritering</b>	<b>2010*</b>	<b>2009</b>	<b>2008</b>	<b>2007</b>
Nto dr.utg. per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	29 746	30 672	31 607	20 409
Nto dr.utg til grunnskoleopplæring per innbygger 6-15 år	118 278	113 302	101 512	87 545
Nto dr.utg pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten	2 667	2 343	1 771	1 581
Nto dr.utg pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgtjenesten	17 513	15 667	14 278	13 371
Nto dr.utg til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år	1 350	1 490	1 018	930
Nto dr.utg per innbygger 0-17 år, barneverntjenesten	7 070	6 143	5 456	3 100
Nto dr.utg til administrasjon og styring i kr. pr. innb.	5 482	5 007	5 057	4 249

*Gerd Nerbø  
Planleggar - samfunn*





## Rekneskapsprinsipp, analyse av resultat og hovudtal

### Rekneskapsprinsipp

Aukra kommune fører rekneskap etter dei kommunale rekneskapsprinsippa som er nedfelt i kommuneloven § 48 og rekneskapsforskrifta § 7. Anordningsprinsippet gjeld i kommunal sektor, og betyr at all tilgang og bruk av midlar i løpet av året som gjeld kommunal verksemd, skal gå fram av driftsrekneskapen eller investeringsrekneskapen. Driftsrekneskapen viser driftsutgifter og -inntekter i kommunen og regnskapsresultatet for året. Investeringsrekneskapen viser kommunen sine utgifter og inntekter i samband med investeringar, og korleis desse er finansiert.

Kommunane skal stille opp eit "bevilgningsrekneskap". Dette rekneskapet vil i hovudsak dekke kommunanes eige behov for økonomisk styring, gjennom å gje ei oversikt over forbruk i forhold til løyving i årets budsjettet. Bevilgningsregnskapet kan være forskjellig frå kommune til kommune som følgje av at det skal avspeile kommunens eige budsjett for året. Vidare er rekneskapet ført etter bruttoprinsippet, det vil seie at det ikkje skal førast frådrag i inntektene for tilhøyrande utgifter og ikkje frådrag i utgifter for tilhøyrande inntekter. På denne måten kjem aktiviteten i kommunen fram med riktige beløp.

### Brutto driftsresultat

Brutto driftsresultat viser resultat av Aukra kommune sin ordinære drift, inkludert avskrivning på varige driftsmidlar. Resultatet fortel om kommunen sin evne til å betene lånegjeld, finansierer årets investeringar over driftsresultatet og avsette midlar til seinare års bruk.

### Netto driftsresultat

Netto driftsresultat viser differansen mellom kommunens ordinære løpande inntekter inklusive finansinntekter) og dei løpande utgiftene (inklusive finansutgifter), korrigert for avskrivningar. Korreksjonen skjer fordi det i netto driftsresultat i kommunale rekneskap er avdragsutgiftene som inngår og ikkje avskrivningane. Eit positivt netto driftsresultat viser at kommunen klarer å finansiere kapitalutgifter utover drifta, eller å sette av til framtidig drift. Eit negativt driftsresultat viser at kommunen tærer på tidligare avsette reserver eller går med underskot. Netto driftsresultat seier noko om kommunens handlefridom.

### Meir/Mindreforbruk

Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk er eit avvik frå vedteke balanserte budsjett.

Mindreforbruk (overskot) er ein positiv saldo etter at netto driftsresultat er disponert i tråd med vedteke budsjett.

Meirforbruk (underskot) er ein negativ saldo etter at netto driftsresultat er disponert i tråd med vedteke budsjett. Ved meirforbruk skal kommunen foreta nødvendige strykingar av vedteken disponering slik det går fram av FKR § 9, 1. ledd.

### KOSTRA

Kostra-tal presentert i einingane sine årsmeldingar er foreløpige tal pr.15/3-10.


**DRIFTSINTEKTER**

Sum driftsinntekter i 2010 var på 352,6 mill. som er kr. 14,8 mill. høgare enn budsjettert.

Hovudårsaken til dette er:

- Auke i refusjonar knytt til mva (feil budsjettering), sjukefråvær og utgiftsføring av tenester kr. 15 mill.
- Auke i andre statlige overføringar (tilskot) på kr. 1,1 mill
- Netto reduksjon skatt/rammeinntekt på kr. 1,5 mill.

Frå 2009 til 2010 har vi ein nedgang i samla driftsinntekter på kr.6,9 mill. som tilsvare ein reduksjon på 1,9 pst.



Kommunens inntekter frå statlege overføringar og eigedomsskatt:

	2006	2007	2008	2009	2010
Rammetilskudd	29 238	14 217	21 326	46 952	44 943
Skatt på inntekt og formue	74 562	110 171	96 480	68 432	72 834
Eiendomsskatt	18 086	69 226	132 992	137 336	137 400
<b>Samla</b>	<b>121 886</b>	<b>193 614</b>	<b>250 798</b>	<b>252 720</b>	<b>255 177</b>

**Skatt på inntekt og formue og rammetilskot:**

Aukra kommune hadde spesielt høge overføringar knytt til skatt på inntekt og formue i 2007 og 2008. Nivået i kommunen i forhold til landsgjennomsnittet låg på 162,3 pst. og 135,5 pst. Årsaka til den høge skattinngangen var høg aktivitet i næringslivet, og auka bruk av utanlandske arbeidstakarar som var skattepliktig til Aukra kommune. Dette har gradvis endra seg, og skatteinngang i 2010 var igjen nede på 95,7 pst. av landsgjennomsnittet som samsvarer med nivået før Ormen Lange utbygginga. Kvart år blir det fastsett fordelingstal, berekna ut frå kor stor del av dei samla skattane på inntekt og formue Aukra kommune skal ha. Etter at avrekning er gjennomført for siste avslutta inntektsår vil nye opplysningar bli teke omsyn til, og fordelingstal kan bli endra. Aukra kommune sitt fordelingstal vart i løpet av året 2010 endra frå 37,5 til 32,7.

Summarisk oversikt etter avrekning av inntektsåret 2009, viser at det har vore nedgang i skattytarar med kommuneskatt på 212 personar.

Ved skatteinngang høgare enn landsgjennomsnittet blir det, er det i det statlege inntektssystemet bestemt at det skal gjerast ei inntektsutjamning, ved reduksjon i rammetilskot. Aukra kommune har derfor låge rammetilskot i 2007 og 2008. I 2010 mottek Aukra kommune ei utjamning, grunna skattenivå under landsgjennomsnittet, på kr. 1,1 mill.


**DRIFTSUTGIFTER**

Sum driftsutgifter i 2010 var på kr. 280,0 mill., som er kr. 18,1 mill. høgare enn budsjettert.

Dette skuldast i hovudsak:

- Netto auke i lønn og sosiale utgifter på kr. 2,2 mill.
- Netto auke i kjøp av varer og tenester på kr. 1,9 mill.
- Netto auke i overføringar på kr. 3,5 mill. (Budsjetterte overføring inneheld gjenstående buffer med kr. 3,4, sett vekk frå denne har vi ei auke i overføringar knytt til mva-drift på kr. 6,9 mill. som skuldast feil budsjettering)
- Auka avskrivningar kr. 10,6 mill. (feil budsjettering)

Frå 2009 til 2010 har vi ei auke i sum driftsutgifter på kr. 0,4 mill., som tilsvare ei auke på 0,2 pst.



Brutto driftsutgifter dei siste fem åra fordeler seg i følgje KOSTRA slik:


(her vist innanfor tenesteområde som ikkje nødvendigvis samsvarer med einingsnivået)

	2006	2007	2008	2009	2010
Administrasjon, styring og fellesutgifter	16 105	16 246	16 058	19 126	18 693
Barnehager	16 639	21 220	26 822	29 087	30 406
Barnevern	2 251	3 651	5 228	5 984	5 594
Bolig	1 587	1 712	1 689	3 248	3 183
Brann og ulykkesvern	3 939	4 348	3 953	4 409	4 672
Grunnskoleopplæring	43 788	45 704	50 449	56 063	61 116
Kirke	1 589	1 595	1 929	1 950	1 994
Kommunehelse	9 117	10 952	10 796	11 045	10 456
Kultur	6 791	7 625	6 660	9 581	10 744
Fys. planl., kulturminne, natur og nærmiljø	4 136	3 465	3 251	4 325	4 857
Næring	3 437	3 707	2 715	3 023	3 824
Pleie og omsorg	46 158	49 352	54 929	59 084	65 654
Samferdsel	4 833	8 479	6 711	5 537	6 829
Sosialtjenesten	2 733	2 256	2 181	2 885	3 567
Tenester utenfor ordinært kommunalt ansvarsområde	6 608	7 721	24 802	38 397	19 980
Vann,- avløp og renovasjon/avfall	12 835	14 085	10 690	11 443	12 500

\*Oversikta er korrigert for kjent feil i KOSTRA rapporteringa knytt til leige av båt i legevaktorninga. Ført på funksjon 285 i staden for 241.



### Brutto dr.utg. tenesteområde i % av tot. brutto driftsutgifter



### NETTO DRIFTSRESULTAT


Netto driftsresultat for 2010 er kr. 80,1 mill. som er ei auke på kr. 7,9 mill i forhold til budsjett. Samanlikna med rekneskap 2008 er det ein reduksjon på kr. 5,6 mill, noko som tilsvare 6,6 pst.

Dette skuldast i hovudsak:

- Auke i mva-refusjon investeringar på kr. 3 mill.
- Netto mindreforbruk på løn etter korrigering av budsjettert utgiftsføring og premieavvik på KLP/SPK og auka refusjonar på sjuke- og fødselspengar kr. 1,7 mill.
- Auka refusjonar frå andre kommunar knytt til felles tenesteproduksjon kr. 1 mill.
- Unytt budsjettert buffer på kr. 3,5 mill.

Feil/mangelfull budsjettering av mva-drift og avskrivningar vil ikkje ha verknad på netto driftsresultat då mva refusjonen tilsvare mva-utgifta, og avskrivningane blir tilbakeført før netto driftsresultat blir fastsett jfr. forklaring på økonomiske oversikter.

Auke i mva. refusjon knytt til investeringane vil derimot medverke til eit auka netto driftsresultat, medan utgiftsauka ligg i investeringsrekneskapen.



**Netto driftsresultat** viser kor stor del av årets driftsinntekter som ikkje er brukt i drifta og bør, etter anbefalingar frå Fylkesmannen, være på minimum 3% av sum driftsinntekter.

Aukra kommune har et netto driftsresultat i 2010 på 80,1 mill. kroner tilsvarande 22,7% av sum driftsinntekter.

Utvikling i netto driftsresultat (%):

	2 006	2 007	2 008	2 009	2 010
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	3,80	22,50	24,10	23,80	22,70


## REKNESKAPSMESSIG MEIR-MINDREFORBRUK

Mindreforbruk (avvik frå vedteke budsjett) er i 2010 på kr. 21 mill., årsaka til mindreforbruket er i hovudsak:

- Auka netto driftsresultat kr. 7,9 mill.
- Auke i bruk av bundne fond i forhold til budsjett med kr. 2,2 mill. (Dette gjeld bruk av avsette statlege midlar til vedlikehald i 2009, kr. 1,4 mill. og bruk av avsette midlar knytt til utbygging av Juvik Småbåthamn kr. 0,6 mill. I tillegg er det eit redusert bruk av disposisjonsfond på kr. 0,2 mill.)
- Reduserte avsetningar på grunn av mindre behov for overføring frå drift til investeringsrekneskapen enn budsjettert på kr.10,7 mill.



Utviklinga dei siste fem åra har vore slik:



Åra 2007 og 2008 har spesielt høge mindreforbruk noko som samsvarer med at ein desse åra hadde høgare eigedomsskatt og skatt på inntekt og formue enn budsjettet.

#### Meir/mindreforbruk 2010 spesifisert på einingane:

	Rekneskap 2010	Budsjett 2010	Avvik	Korr jfr. nedanfor	Reelt avvik	Reelt avvik i %
10 Sentrale styringsorgan	37 290 204	35 759 136	1 531 068		1 531 068	4,28
20 Riksfjord skole	32 945 027	31 923 598	1 021 429		1 021 429	3,20
21 Julsundet skole	11 819 984	12 709 005	-889 021		-889 021	-7,00
22 Barnebo barnehage	3 520 891	4 628 722	-1 107 831		-1 107 831	-23,93
23 Bergetippen barnehage	2 152 263	1 707 164	445 099		445 099	26,07
25 Oppvekst og kultur	13 228 341	13 822 979	-594 638	1 350 000	755 362	5,46
30 Pleie og omsorg	50 587 460	48 741 789	1 845 671		1 845 671	3,79
40 Helse og sosial	9 174 331	11 396 041	-2 221 710		-2 221 710	-19,50
50 NAV	4 457 737	4 403 333	54 404		54 404	1,24
60 Plan, utvikling og samfunn	2 212 097	2 387 665	-175 568		-175 568	-7,35
62 Drift, forvaltning og vedlikehold	8 985 012	10 442 357	-1 457 345	893 083	-564 262	-5,40
65 Brann og beredskap	4 251 615	3 492 241	759 374		759 374	21,74
<b>Samla meir-/mindreforbruk</b>	<b>180 624 962</b>	<b>181 414 030</b>	<b>-789 068</b>	<b>2 243 083</b>	<b>1 454 015</b>	<b>0,80</b>

#### Eining 25 Oppvekst og kultur:

- Grunna bestemningar i bokføringslova var det ikkje høve til å betale ut forskotsleige i 10 år på tribuneanlegg Riksfjord som vedteke.

#### Eining 62 Drift, forvaltning og vedlikehold:

- Eininga fekk i 2010 tilført si ramme ei inntekt på kr 1.352.000,-. Sidan dette ikkje har ført med seg auka utgifter må det gjerast eit tilsvarende kutt i eininga si ramme. Ved ein feil har det ikkje blitt gjort for 2010.
- Verknad frå sjølvkostområda er ei meirutgift på kr. 458.917,-. Nettoeffekten av desse to forholda er kr. 893.083,-.

Forklaring til det enkelte meir-/mindreforbruka blir i årsmeldinga gjeve av økonomiansvarleg på einingane.



## INVESTERINGSREKNESKAPEN

Frå Kommunal og regionaldepartementet vart det i brev av 07 april 2010 gjeve presisering på forståing av regelverk knytt til budsjettering og rekneskapsføring av investeringar:

- Investeringsbudsjettet er eittårig og ikkje uavhengig av år.
- Udekkja/udisponert gjeld samla tilgang og samla bruk av midlar i året, og ikkje avvik på den enkelte investeringsrammene eller avvik på enkeltprosjektnivå.
- Med unntak av midlar reservert særskilte formål i følge lov, forskrift eller avtale (med givar), blir alle midlar i prinsippet rekna som frie. All tilgang på frie midlar i investeringsrekneskapen vil soleis måtte sjåast på som felles finansiering av investeringsporteføljen om dette er nødvendig for å sikre tilstrekkeleg samla finansiell dekning i årets investeringsrekneskap.

Aukra kommune har lagt denne presiseringa til grunn for si rekneskapsføring og budsjettering for 2011. Alle investeringsprosjekt som ikkje er ferdigstilt pr. 31.12.2010 har vore politisk handsama og gjeve nye løyver i 2011.

All finansiering som ikkje var bunden er handsama som frie midlar, og har blitt nytta til finansieringa av investeringane. Investeringsrekneskapet er derfor avslutta med eit resultat utan udekkja/udisponerte løyvingar.

### Om investeringane for 2010 kan nemnast :

Utgiftsføring i prosjektet Riksfjord skole er 20 mill. lågare enn det som var budsjettert. Årsaka er at det er utført mindre tomteteknisk arbeid enn planlagt. Det tomtetekniske arbeidet er delt i 2 kontraktar, og vil difor ikkje påverke ferdigstilling av bygget. Det er meldt at framdrifta vil følge plana og at skulen vil være ferdig i 2013 som planlagt.

Hovudvassleidning fastland vart ikkje ferdigstilt, og viser eit mindreforbruk pr. 31.12.2010 på kr. 10,5 mill. Av investeringsutgiftene er kr 12.769.347 finansiert med tilskot frå Statnett. I tillegg har vi motteke kr. 2.000.000 som er avsett på fond. Utgifter som er finansiert av kommunale midlar er på kr 8.687.919. Prosjektet vil bli slutført i 2011. Utgiftene blir då finansiert med tilskot frå Statnett.

Det var gjeve løyver med kr. 9,8 mill. til prosjekt som ikkje vart starta opp.

Utvikling investeringsutgifter frå 2006-2010:

	2 006	2 007	2 008	2 009	2 010
Brutto investeringsutgifter i alt	58 769	40 766	60 552	50 732	100 177

Brutto investeringsutgifter har hatt ei vesentleg auke frå 2009 til 2010. Dette skuldast oppstart av Riksfjord skole, store investeringar knytt til Aukra kompetansesenter, Hovudvassleidning fastland og kjøp av grunn til Torhaugmyra bustadfelt.

**BALANSEN - DIVERSE NØKKELTAL****Arbeidskapital**

Seier noko om kommunen evne til å betale for sine forpliktingar etter kvart som dei forfell. Blir berekna som differansen mellom omlaupsmidlar og kortsiktig gjeld.

	2 006	2 007	2 008	2 009	2 010
Arbeidskapital i kr.	30 933	72 628	91 599	134 171	130 241
Arb.kapital i % av sum driftsinntekter	-3,15	18,71	21,04	37,32	36,94

Likviditeten målt som arbeidskapitalens driftsdel bør minst utgjøre 5 % av kommunens driftsinntekter. Oversikta viser at Aukra kommune har god likviditet.

**Disposisjonsfond**

Seier noe om kor mykje kommunen har i frie reserver, dvs del av frie inntekter som ikkje er brukt i drifta. Kommunen treng eit disposisjonsfond av ein viss storleik for å møte ikkje venta kostnader, svikt i dei frie inntektene og finansieringa av framtidige investeringar.

	2 006	2 007	2 008	2 009	2 010
Disposisjonsfond i kr.	13 680	8 280	14 871	66 867	51 576
Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter	6,70	3,00	4,30	18,60	14,63

**Netto lånegjeld i % av driftsinntektene**

Seier noko om kommunens soliditet dvs. fordeling mellom gjeld og eigenkapital. I lånegjelda er formidlingslån og pensjonsforpliktingar halde utanom.

	2 006	2 007	2 008	2 009	2 010
Netto lånegjeld	167 943	173 262	118 828	115 624	100 856
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	53 451	54 588	37 332	36 178	31 042
Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter	82,70	62,00	34,20	32,20	28,60

Aukra kommune hadde pr. 31.12.2010 ei langsiktig gjeld på kr. 391,6 mill. av dette utgjorde pensjonsforpliktingane kr. 273,7 og formidlingslån kr. 17,9 mill.

Netto lånegjeld har ein nedgang på kr. 5,1 mill frå 31.12.2009.

**Netto eksterne finansutgifter**

Viser kor stor del av kommunens driftsinntekter som blir nytta til å betale renter og avdrag.

	2 006	2 007	2 008	2 009	2 010
Netto finans og avdrag	10 148	13 418	29 558	5 245	4 401
Netto finans og avdrag i % av brto driftsinntekter	5,00	4,80	8,50	1,50	1,20



**SJØLVKOST**

Sjølvkostområda frå 2006-2010:

	Rekneskap 2010	Rekneskap 2009	Rekneskap 2008	Rekneskap 2007	Rekneskap 2006
<b>Vassforsyning</b>					
Sum utgifter	6 489 480	5 829 961	5 180 345	6 292 812	6 063 171
Sum inntekter	6 848 967	7 308 371	6 053 125	5 822 601	5 615 708
<b>Resultat Vassforsyning</b>	<b>359 487</b>	<b>1 478 410</b>	<b>872 780</b>	<b>-470 211</b>	<b>-447 463</b>
<b>Avløp</b>					
Sum utgifter	3 661 729	3 581 252	4 710 651	4 350 009	2 991 397
Sum inntekter	3 202 813	3 088 154	3 637 853	3 370 607	3 226 286
<b>Resultat avløp</b>	<b>-458 917</b>	<b>-493 098</b>	<b>-1 072 798</b>	<b>-979 402</b>	<b>234 889</b>
<b>Renovasjon</b>					
Sum utgifter	3 659 880	3 206 213	2 631 121	3 560 587	4 316 824
Sum inntekter	3 656 678	3 261 922	2 823 329	2 743 504	3 596 119
<b>Resultat renovasjon</b>	<b>-3 202</b>	<b>55 709</b>	<b>192 208</b>	<b>-817 083</b>	<b>-720 705</b>
<b>Slamtømming</b>					
Sum utgifter	290 474				
Sum inntekter	352 792				
<b>Resultat renovasjon</b>	<b>62 318</b>				
<b>Sjølvkostfond</b>					
	<b>Vassfors.</b>	<b>Avløp</b>	<b>Renovasjon</b>	<b>Slamtømming</b>	
Saldo fond pr. 31.12.09	2 351 190	-493 098	55 709	0	
Resultat 2010	359 487	-458 917	-3 202	62 318	
<b>Sjølvkostfond pr. 31.12.2010</b>	<b>2 710 677</b>	<b>-952 015</b>	<b>52 507</b>	<b>62 318</b>	

\*Slamtømming er etablert som eige sjølvkostområde frå 2010 jfr. forurensningsloven § 26.

Sak om gebyrfastsetting for 2010 vart handsama i Kommunestyret den 19.12.2009, vedtak vart fatta lik Rådmannen/Formannskapet si innstilling.

I saka hadde ein slik forventning til utgifter og inntekter innanfor dei enkelte områda ut frå planlagt aktivitet og gebyrnivå:

- **Vatn:** utgift og inntekt var kalkulert til kr. 6.661.507,-. Rekneskap for 2010 viser eit noko lågare utgiftsnivå og noko høgare inntektsnivå. Dette gjev eit overskot som blir avsett til fond. Det vart ikkje fremma forslag om reduksjon i gebyrsatsane for 2010 ved bruk av fond.
- **Avløp:** utgift og inntekt var kalkulert til kr. 4.884.826,-. Rekneskapen for 2010 viser utgifter som er kr. 1.223.097,- lågare og inntekter som er kr. 1.682.013,- lågare. Dette gjev eit negativt resultat på kr. 458.917,-. Gebyrgrunnlaget hadde ikkje teke høgde for å dekke inn opparbeida negativt fond.
- **Renovasjon:** utgift og inntekt var kalkulert til kr. 3.500.000,-. Rekneskapen for 2010 viser ei lita auke på både utgift- og inntektssida. Dette gjev eit negativt resultat på kr. 3.202,- som er dekt ved bruk av fond.



Rekneskapstala vil kunne avvike frå kalkylane som blir lagt til grunn i budsjettet, og krav til sjølvkost vil derfor det enkelte år ikkje være oppfylt. For å sikre at innbyggjarane likevel mottok tenester til sjølvkost må over- eller underskot som oppstår, først tilbake eller dekkast inn av abonnentane innan 3-5 år.

Kommunestyret har høve til å subsidiere sjølvkostområda med unntak av renovasjon og slam, der det i forureiningslova § 23 går fram at sjølvkost *skal* vere grunnlag for innbyggjarane si brukarbetaling. Spørsmål om subsidiering av avløp vil bli lagt fram til politisk handsaming som ein del av Rekneskap 2010.

Verknad på ramme på eining 62 Drift, forvaltning og vedlikehald.

Sjølvkostområde med underskot som ikkje kan dekkast av fondsmidlar, vil påverke meir-/mindreforbruk på eininga. Årsaka til dette er at ein ikkje kan presentere eit negativt fond i kommunens balanse.

I rekneskap 2010 har derfor eining 62 Drift, forvaltning og vedlikehald ei meirutgift på kr. 458.917,- knytt til sjølvkostområdet avløp.

*Erna Varhaugvik*  
*Økonomisjef*



## Økonomiske hovedoversikter

Økonomiske oversikter - drift	Regnskap	Reg.budsjett	Oppr.budsjett	Reknesk.i fjor
<b>Driftsinntekter</b>				
Brukerbetalinger	11 675 388	10 528 900	10 528 900	10 897 188
Andre salgs- og leieinntekter	21 909 392	23 092 900	23 092 900	20 260 947
Overføringer med krav til motytelse	56 217 133	41 171 200	40 771 200	67 998 224
Rammetilskudd	44 943 022	43 013 000	51 000 000	46 951 856
Andre statlige overføringer	7 548 690	6 435 000	6 435 000	7 569 234
Andre overføringer	94 218	26 000	26 000	75 970
Skatt på inntekt og formue	72 834 173	76 302 000	80 100 000	68 431 880
Eiendomsskatt	137 400 207	137 300 000	137 300 000	137 335 800
Andre direkte og indirekte skatter	0	0	0	0
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>352 622 223</b>	<b>337 869 000</b>	<b>349 254 000</b>	<b>359 521 100</b>
<b>Driftsutgifter</b>				
Lønnsutgifter	141 887 376	136 145 017	132 375 400	133 115 080
Sosiale utgifter	37 627 762	41 174 369	40 076 451	35 911 930
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	53 248 870	49 041 600	47 044 600	65 351 203
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	13 761 729	15 987 332	15 097 200	14 190 581
Overføringer	29 861 508	26 291 233	29 597 900	27 754 956
Avskrivninger	12 273 203	1 580 000	1 580 000	11 656 061
Fordelte utgifter	-8 635 685	-8 256 900	-8 256 900	-8 388 753
Sum driftsutgifter	280 024 763	261 962 651	257 514 651	279 591 059
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>72 597 460</b>	<b>75 906 349</b>	<b>91 739 349</b>	<b>79 930 042</b>
<b>Finansinntekter</b>				
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	4 086 776	3 000 000	3 000 000	3 683 468
Gevinst på finansielle instrumenter (oml. midler)	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån	230 916	150 000	150 000	570 278
<b>Sum eksterne finansinntekter</b>	<b>4 317 692</b>	<b>3 150 000</b>	<b>3 150 000</b>	<b>4 253 746</b>
<b>Finansutgifter</b>				
Renteutgifter, provisjoner og andre fin.utg.	3 119 981	4 400 000	4 400 000	3 893 887
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0	0
Avdragsutgifter	5 599 862	4 000 000	4 000 000	5 604 544
Utlån	362 209	270 000	120 000	596 550
<b>Sum eksterne finansutgifter</b>	<b>9 082 052</b>	<b>8 670 000</b>	<b>8 520 000</b>	<b>10 094 980</b>
<b>Resultat eksterne finanstransaksjoner</b>	<b>-4 764 360</b>	<b>-5 520 000</b>	<b>-5 370 000</b>	<b>-5 841 234</b>
Motpost avskrivninger	12 273 203	1 820 700	1 820 700	11 656 061
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>80 106 303</b>	<b>72 207 049</b>	<b>88 190 049</b>	<b>85 744 868</b>
<b>Interne finanstransaksjoner</b>				
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	29 246 518	29 246 518	0	69 937 980
Bruk av disposisjonsfond	2 219 232	2 498 000	0	2 720 142
Bruk av bundne fond	3 280 858	850 000	650 000	1 604 718
Bruk av likviditetsreserve	0	0	0	0
<b>Sum bruk av avsetninger</b>	<b>34 746 608</b>	<b>32 594 518</b>	<b>650 000</b>	<b>74 262 841</b>
<b>Overført til investeringsregnskapet</b>	<b>76 424 414</b>	<b>88 299 728</b>	<b>68 000 000</b>	<b>62 602 717</b>
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	0	0	0	0
Avsetninger til disposisjonsfond	16 631 786	15 904 640	20 242 849	60 364 951
Avsetninger til bundne fond	796 472	356 500	356 500	5 741 012
Avsetninger til likviditetsreserven	0	0	0	2 052 511
<b>Sum avsetninger</b>	<b>93 852 673</b>	<b>104 560 867</b>	<b>88 599 349</b>	<b>130 761 191</b>
<b>Regnskapsmessig mer/mindreforbruk</b>	<b>21 000 238</b>	<b>240 700</b>	<b>240 700</b>	<b>29 246 518</b>



<b>Økonomisk oversikt - investering</b>	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjet	Regnskap i fjor
<b>Inntekter</b>				
Salg av driftsmidler og fast eiendom	681 336	0	0	2 687 097
Andre salgsinntekter	286 443	0	0	873 437
Overføringer med krav til motytelse	23 038	0	0	3 482 182
Statlige overføringer	1 325 000	0	0	0
Andre overføringer	15 636 795	26 050 000	0	1 961 224
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	0	0	0	0
<b>Sum inntekter</b>	<b>17 952 612</b>	<b>26 050 000</b>	<b>0</b>	<b>9 003 939</b>
<b>Utgifter</b>				
Lønnsutgifter	37 972	0	0	0
Sosiale utgifter	5 354	0	0	0
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	90 473 028	122 383 782	67 286 000	43 730 528
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	1 300 000	1 300 000	1 300 000	25 046
Overføringer	8 357 555	0	0	7 127 413
Renteutgifter, provisjoner og andre fin.utg.	3 319	0	0	6 988
Fordelte utgifter	0	0	0	-158 175
<b>Sum utgifter</b>	<b>100 177 229</b>	<b>123 683 782</b>	<b>68 586 000</b>	<b>50 731 801</b>
<b>Finanstransaksjoner</b>				
Avdragsutgifter	4 397 326	0	0	488 214
Utlån	2 627 018	0	0	5 550 000
Kjøp av aksjer og andeler	399 450	0	0	7 118 521
Dekning av tidligere års udekket	21 799 728	21 799 728	0	10 369 353
Avsetninger til ubundne investeringsfond	0	0	0	33 500 000
Avsetninger til bundne fond	2 108 806	0	0	2 188 846
Avsetninger til likviditetsreserve	0	0	0	0
<b>Sum finansieringstransaksjoner</b>	<b>31 332 328</b>	<b>21 799 728</b>	<b>0</b>	<b>59 214 934</b>
<b>Finansieringsbehov</b>	<b>113 556 944</b>	<b>119 433 510</b>	<b>68 586 000</b>	<b>100 942 795</b>
Dekket slik:				
Bruk av lån	2 625 000	0	0	931 140
Mottatte avdrag på utlån	611 769	0	0	7 381 187
Salg av aksjer og andeler	0	0	0	0
Bruk av tidligere års udisponert	0	0	0	0
Overføringer fra driftsregnskapet	76 424 414	88 385 728	68 086 000	62 602 717
Bruk av disposisjonsfond	29 703 507	31 047 782	500 000	5 648 375
Bruk av ubundne investeringsfond	0	0	0	2 579 649
Bruk av bundne fond	4 192 254	0	0	0
Bruk av likviditetsreserve	0	0	0	0
<b>Sum finansiering</b>	<b>113 556 944</b>	<b>119 433 510</b>	<b>68 586 000</b>	<b>79 143 068</b>
<b>Udekket/udisponert</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-21 799 728</b>



## Regnskapsskjema 1B - drift

Fordelt til einingane	Regnskap 2010	Budsjett m/end.	Budsjett (oppr.)	Regnskap 2009
10 Sentrale styringsorgan	37 290 204	35 759 136	35 575 562	34 568 571
20 Riksfjord skole	32 945 027	31 923 598	30 955 906	30 733 849
21 Julsundet skole	11 819 984	12 709 005	12 272 433	12 190 729
22 Barnebo barnehage	3 520 891	4 628 722	4 063 743	4 749 061
23 Bergetippen barnehage	2 152 263	1 707 164	1 554 741	3 077 869
25 Oppvekst og kultur	13 228 341	13 822 979	11 180 515	12 824 954
30 Pleie og omsorg	50 587 460	48 741 789	46 867 506	49 089 324
40 Helse og sosial	9 174 331	11 396 041	11 198 375	14 901 899
50 NAV	4 457 737	4 403 333	4 387 749	2 071 381
60 Plan, utvikling og samfunn	2 212 097	2 387 665	2 334 826	8 623 228
62 Drift, forvaltning og vedlikehold	8 985 012	10 442 357	10 061 632	3 348 651
65 Brann og beredskap	4 251 615	3 492 241	2 927 863	0
	<b>180 624 962</b>	<b>181 414 030</b>	<b>173 380 851</b>	<b>176 179 516</b>
Korr. av føringar medteke både i skjema 1A og 1B	10 728 413	9 203 800	6 505 800	2 913 024
	<b>191 353 375</b>	<b>190 617 830</b>	<b>179 886 651</b>	<b>179 092 540</b>
10 Budsjettbuffer lagt på ansvar 1500		3 466 821	10 000 000	
89 Motpost kalk. renter	-3 410 593	-3 401 000	-3 401 000	-1 165 013
89 Momskompensasjon investering	-8 024 455	-5 000 000	-5 000 000	-7 127 413
90 Andre driftstilskot og refusjoner m.m.	52 129	0	0	740 526
90 Pensjon, premieavvik og korr. utg.føring	-1 983 734			-2 811 701
<b>Sum fordelt til drift</b>	<b>177 986 722</b>	<b>185 683 651</b>	<b>181 485 651</b>	<b>168 728 940</b>

Deler av inntekter og utgifter ført i skjema 1A er ført direkte på einingane sine områder og verkar derfor inn på bunntlinja. For å gje eit rett bilete av rammeavvik innanfor den enkelte eining, må derfor postane som er ført i skjema 1A og på einingane korrigerast i skjema 1B.

## Regnskapsskjema 2B - investering

Investering i anleggsmidler på den enkelte eining	Rekneskap 2010	Budsjett m/end.	Budsjett (oppr.)	Rekneskap 2009
10 Sentrale styringsorgan	22 957 180	23 015 782	2 600 000	30 550
20 Riksfjord skole	17 944 468	38 320 000	38 320 000	5 474 260
21 Julsundet skole	452 225	150 000	150 000	943 315
22 Barnebo barnehage	295 832	250 000	250 000	180 921
23 Bergetippen barnehage	198 224	200 000	200 000	265 880
25 Oppvekst og kultur	662 322	915 000	2 915 000	9 832 413
30 Pleie og omsorg	7 866 393	4 803 000	4 651 000	9 770 038
40 Helse og sosial	962 710	5 600 000	5 600 000	4 158 557
50 NAV Aukra	54 649	0	0	
60 Plan, utvikling og samfunn	1 893 119	1 000 000	1 000 000	2 067 721
62/65 FDV/Brann	46 890 107	49 430 000	38 950 000	18 008 148
<b>Sum investering i anleggsmidler</b>	<b>100 177 229</b>	<b>123 683 782</b>	<b>94 636 000</b>	<b>50 731 803</b>

Utover i dokumentet følgjer nærare kommentarar frå stabseiningar og støttefunksjonar, samt bidrag til årsmeldinga frå dei enkelte einingane.



## Medarbeidar og organisasjon



Overrekking av heidersmedalje og merker for lang og tru teneste ved Kommunestyret si juleavslutning i 2010.

**Løns og personalkontoret (LØP) er rådgjevar for einingane og toppleinga i aktuelt lov og avtaleverk og spørsmål innan området personal og lønn. Vi har støttestøttfunksjonar innan rekruttering, fråver, heimels-registrering med meir og sørgjer for all rapportering og statistikk i samband med lønn. LØP registrerer alt legemeldt fråvær og følgjer opp sjukelønnsutbetalingane samt syter for refusjon frå NAV. Av andre oppgåver som ligg til kontoret er saks-behandling til politiske og partssamansette utval, sekretariat for eldreråd og overfor-mynderi og ansvar for gjennomføring av stortingsval og kommunestyreval**

Ved utgangen av 2010 hadde Aukra kommune 291 årsverk. Dette er ei auke på 3 årsverk frå året før.

I inneverande år har vi revidert lønspolitisk plan, etiske retningslinjer, reglar for påskjønning av tilsette, rutiner for oppfølging av sjukemeldte og retningslinjer for fordeling av velferdsmidlar.

### Budsjett:

LØP har hatt eit mindreforbruk på drifta med kr. 117.000. Dette skuldast i stor grad mindre fellesutgifter til forsikring og pensjon. Det var sett av kr. 190.000 til innkjøp og opplæring i dataverktøy. Her har det vore eit

mindreforbruk på kr. 130.000 og årsaka er at avtalt pris på kompetanseverktøyet blei mykje lågare enn føresett og at vi har fått overført modulen reiserekning til 2011.

### Helse, miljø og tryggleik

Vi har fokus på nærver og siste 2 åra ser vi ein gledeleg nedgang i sjukefråveret.

	2009			2010		
	M	K	Alle	M	K	Alle
Sentrale styringsorgan	8,9	7,1	7,7	3,4	6,5	5,6
Skole/bhg/kultur	5,3	8,4	7,8	3,7	7,6	6,9
PLO/helse/Nav	2,2	9,8	8,9	2,7	9,1	8,3
Plan/teknisk	4,4	1,3	3,8	1,0	10,4	2,9
Totalt	4,7	8,8	7,7	3,2	9,6	7

Forskjellen mellom menn og kvinner er aukande. Dette er også ein trend på landsbasis. Korttidsfråveret i 2010 (under 17 dagar) var på 2,5 % og langtidsfråveret på 4,5 %. Eigenmeldt og legemeldt på 1,2 og 5,8. Det er langtidsfråveret som har størst nedgang.

5 tilsette fekk innvilga arbeidsavklaringspengar i delar av stillinga si og 1 fekk innvilga uførepensjon i del av stillinga. Til saman er 27 på heil eller delvis arbeidsavklaring/uføre.

Dei 7 nærversgruppene har levert sine forslag til tiltak for å auke nærveret. Forslaga spenner frå trivselstiltak, fagleg oppdatering, betring av fysiske forhold, haldningsskapande arbeid, synleg leiing, auka grunnbemanning, betre samarbeid med lege og NAV i IA-arbeidet og tettare oppfølging frå bedriftshelsetenesta. Det er eit viktig arbeid dei har lagt ned og tiltak som det er greitt og rimeleg å setje i verk, tar einingane sjøl hand om. Prioriterte større og meir kostnadskevrande tiltak er gjenstand for nærare planlegging. Tilbakemeldingar frå gruppene er at dette har gitt dei betre kunnskap om og større forståing for kor viktig nærveret er, og fleire ønsker å fortsette dette arbeidet.



Bedriftshelsetenesta har gjennomført helseundersøkingar for brannmannskap og nattevakter, til saman 45 tilsette. Tilsette som har vore sjukemeldt i 4 veker eller meir har fått tilbod om helsekontrollar. Det er gjennomført arbeidsplassundersøkingar i høve til fysiske arbeidsforhold i barnehage og på kommunehuset. Noverande bedriftshelseteneste er sagt opp frå 01.01.11 og nye anbudsdokument er under arbeid.

AMU hadde 2 møter og 13 saker vart handsama.

Velferdsmidlane 2010 vart nytta til klippekort på treningssenteret og til eit vellykka fellesarrangement for alle tilsette i Aukrahallen i desember. Rundt 80 tilsette har nytta seg av gratis treningstime på treningssenteret.

#### Rekruttering

På noverande tidspunkt har vi god dekning av sjukepleiarar og ingeniørar. Førskolelærarar er det fortsatt vanskeleg å rekruttere, og vi har vikarar på dispensasjon. Kvalifiserte vikarar til lærarstillingar og andre fagstillingar med krav til høgskoleutdanning er også vanskeleg å få tak i.

Vi har fortsatt stor fokus på å gi deltidstilsette auka stillingsstorleik når stillingar blir ledig, men på grunn av låg arbeidsløyse er det samtidig til god hjelp at vi har mange på deltid som kan steppe inn i vikariat. Nærveret aukar, likevel er det også mange andre typer fråver som fordrar eit stort vikarbehov.

#### Kompetanseutvikling:

6 søknadar om stønad frå fond for etter og vidareutdanning er behandla, og vi har no tilsette som vidareutdannar seg til førskolelærar, kosthald og helse og rusfeltet. Ein søkar har slutta studiet og ein har fått avslag på søknaden. Lærlingar har fått

innvilga stipend. I 2010 fekk vi 7 nye lærlingar og har no 10, det høgaste talet på lærlingar nokon sinne. I tillegg er det 7 tilsette som tar barne- og ungdomsarbeidarfaget og 2 som tar fagbrev i reinhald.

#### Seniorpolitikk:

Aukra kommune ønsker gjennom retningslinene for seniorpolitiske tiltak å påverke tilsette til å stå lenger i arbeid. Vi håper gjennomføringa av dette opplevast av den enkelte som ein aksept for at kommunen treng deira kompetanse og erfaring på like line med alle andre tilsette. Retningslinene er godt kjent og gir positive resultat.

11 tilsette fylte 62 år i 2010. 9 har vald å fortsette i heile stillinga si, 1 tok ut full og 1 delvis AFP. Av tilsette over 63 år har 9 slutta med alderspensjon eller AFP, 2 har tatt ut delvis alderspensjon/AFP. Pr. 31.12.2011 er 37 tilsette over 62 år.

#### Likestilling

Alle har krav på å få dei same mulegheitene til å utvikle seg, utnytte sine evner og leve sine liv, uavhengig av kjønn, sosial bakgrunn, religion, seksuell orientering, funksjonshemming eller etnisk tilhøyring. I arbeidslivet dreier dette seg særleg om problemstillingar rundt likeløn, utdanning og yrkesval.

Følgjande undersøkingar er gjort blant 340 fast tilsette. 81 % av dei tilsette er kvinner. 65 menn er fast tilsett og dei aller fleste arbeider innafor helse/PLO, skole og teknisk. 46 % av dei fast tilsette har full stilling og 21 % arbeider 75 – 99 %. 12 % har mindre enn 50 % stilling. 23 % av mennene arbeider deltid og 58 % av kvinnene.

#### Likelønn: Gj.snittleg årslønn (i 1000 kroner)

2009			2010		
M	K	Differanse i menns favør %	M	K	Differanse i menns favør %
367	345	5 %	386	368	4,7 %



Lokale føringar for forhandlingane var å likestille mellomleiarar med avd.ingeniørar og å gi eit løft til kvinner med særleg fagansvar. Dette gjeld veldig få tilsette, så det har ikkje gitt så stort utslag på differansen.

*Gj.snittslønn leiarar (i 1000 kroner)*

Gjennomsnittslønn	2009			2010		
	M	K	Differanse i menns favør %	M	K	Differanse i menns favør %
Leiargruppa	553	493	10,8 %	591	533	9,8 %

*Kvinnelege leiarar har fått litt betre utteljing i lønn etter siste lønnsforhandling.*

49 % har høgskole/universitet, 57 % av mennene og 46 % av kvinnene. Ca. 22 % har fagbrev, 17 % av mennene og 24 % av kvinnene. Hovudtariffavtalen fastset lønn for dei som ligg i minstelønnsgrupper. Dette gjeld fleirtalet av dei som arbeider i kommunen. Det er tilsette med leiarfunksjonar og andre med særskilt ansvar som er lønna over dette nivået.

Av fast tilsette kjem 5 frå anna europeisk land og 3 frå Asia. I tillegg har vi 10-12 i vikariat

eller tidsavgrensa jobbtiltak for at dei skal få språktrening.

Kommunestyret vedtok i 2010 å opprette 2 varig tilrettelagte arbeidsplassar for personar med redusert arbeidsevne. Dette har vi veldig positiv erfaring med. Det er også oppretta IA-arbeidsplassar for personar som treng arbeidstrening. Vi tar imot personar frå NAV som har behov for arbeidspraksis.

**Kjønnsbalanse etter eining/sektor:**

Eining	2009 %		2010 %	
	M	K	M	K
Sentrale styringsorgan	8	15	5	15
Skole/bhg/kultur	24	130	22	140
PLO/helse/NAV	19	118	18	116
Plan/teknisk	18	4	20	4
<b>Total</b>	<b>69</b>	<b>267</b>	<b>65</b>	<b>275</b>
Leiargruppe	7	8	6	10

*Andel kvinner i kommunen er stabil på rundt 80 %.*

**Samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane**

Det vart halde 2 møter med tillitsvalde i 2010. I tillegg har vi hatt mange møter i samband med revidering av reglement og retningsliner og uformelle samtalar etter behov.

**Lønnsforhandlingar**

Lokale forhandlingar vart gjennomført med kap. 3 og 5 den 21. oktober og kap. 4 den 3. november. Det var sett av ein lokal pott på kr. 801.697 med verknad frå 01.08.2010 og

kr. 235.793 med verknad frå 01.01.2011. KS har fått tilbakemelding om at sentrale føringar

har gitt stort arbeidspress under og etter forhandlingane. Dei sentrale forhandlingane ga tre forskjellige verknadsdatoar og dei lokale ga tre verknadstidspunkt.

**Tildeling av heidersmerke**

Kommunenes Sentralforbund si heidersmedalje for fortjenestefull samfunnsgavnleg teneste vart tildelt 2 av våre





tilsette og 6 fekk heidersmerke for lang og tro teneste. Dette vart markert under festmiddagen på Soltun den 16. desember.

### **Delmål for 2011:**

Organisasjon og personal:

- Utarbeide overordna arbeidsgivarpolitiske mål med fokus på haldningar, verdiar og bedriftskultur.
- Vidareutvikle og auke bruken og dermed kvaliteten på heimelsregisteret.
- Sette fokus på kva verkemidlar som må til for rekruttere fleire høgskoleutdanna til Aukra kommune.
- Medverke til å nå nærversmålet på 95% i tråd med intensjonsavtalen om inkluderande arbeidsliv.
- Etablere gode rutinar på kommunens HMS-arbeid.

### **IKT**

- Være med å utvikle Aukra kommune i tråd med KS sin visjon "Norske kommuner skal være blant dei fremste i verden på elektronisk innbyggjardialog, digitale tenester og effektiv e-forvaltning". For å

realisere dette er det i dokumentet ekommune 2012 sett årlege delmål. IKT

- har som mål å innfri 10 nye mål i ekommune 2012 pr. 31.12.2011.
- Trådløst nettverk skal oppgraderast slik at brukarane opplever at dette har god kvalitet.
- Oppdatere til Microsoft Windows 7 operativsystem og Microsoft Office 2010 kontorpakke.
- Etablere ei god plan for rulling av kommunens maskinvare.

*Rannveig Oterhals  
Løns- og personalsjef*

## **Økonomiavdelinga**



*IKT har sin tredje lærling. Dei betener mellom annan kommunen sin datashjelp-funksjon*

*Økonomiavdelinga har det faglige ansvaret på områda økonomi, skatt og IKT.*

### **Økonomi**

Avdelinga er ansvarleg for budsjett og økonomiplan, rekneskap, innkrevjing av kommunale krav, finansforvaltning, og å gje fagleg støtte på sine ansvarsområde til andre einingar. For å medverke til effektiv og forsvarlig økonomistyring i Aukra kommune skal avdelinga yte god fagleg bistand ut til einingane, og gje administrativ og politisk leiing gode grunnlag å fatte sine vedtak på.



Hausten 2010 vart det gjennomført ei oppgradering av kommunens økonomisystemet til Visma Enterprise økonomi.

Avdelinga hadde vakanse i 1 stilling fram til 01.07.2010.

### IKT

Avdelinga har ansvaret for utvikling og vedlikehald av datanettverk, datamaskiner og system for alle einingar i kommunen og elevar i grunnskolen. Vidare har eininga ansvar for å etablere rutinar for å ivareta datatryggleik, personvernopplysningar m.m. IKT er ein naudsynt faktor i kommunen sin teneste-produksjon og alle einingar er avhengig av at dette fungerer godt. Samarbeidet internt i kommunen er avgjerande for at utviklinga går i den retninga som tenesteytar ønskjer, avdelinga har derfor faste møter med einingane for å planlegge utviklinga framover.

### Skatt

Avdelinga utfører følgjande oppgåver som staten har delegert til kommunane; føring av skatterekneskap, innkrevjing av restansar på skatt, forskotstrekk, arbeidsgjevaravgift og arbeidsgjevarkontroll.

### Eigedomsskatt

Avdelinga er eigedomsskattekontor, og sekretariat for skattetakstnemnd og overskattetakstnemnd. Eigedomsskattekontoret skal sørge for gjennomføring av taksering på nye verk og bru, og endringar på allereie takserte verk og bruk. Eigedomsskattekontoret har ansvaret for utsending av skattesetel og fakturering av skattekrav, oppdatere og leggje ut skattelister kvart år.

### Måloppnåing:

Mål for 2010	Resultat
Oppgradere økonomisystem	Gjennomført
Rekneskap, budsjett skal være ferdigstilt innanfor lovbestemte fristar	Gjennomført
IT plan skal reviderast i 2010	Grunna vakanse, og skifte i økonomisjefstilling greidde avdelinga ikkje å få gjennomført dette målet.

Skatteinnkrevjing skal vere på fastsett nivå pr 30/6-2010:

Resultat i forhold til krav				
Restskatt		Arb.g .avg.	F.trekk	F.skatt
Innf.	Tot. innbet	Tot. innbet.	Tot. Innbet.	Tot. Innbet.
8,7%	-3,8%	-0,5%	0,0%	1,7%

### Økonomi:

Avdelinga har eit mindreforbruk i forhold til si ramme på kr. 106.000,-. Dette skuldast vakanse i stilling.

Investeringsprosjekta Lagring San og Fleksibel sonemodell med heimekontorløyising, er gjennomført innanfor løyvd ramme.

*Erna Varhaugvik*

*Økonomisjef*



## Administrasjonsavdelinga



Ann Ingeborg Julnes tek i mot publikum som ringer eller besøker kommunehuset

**Administrasjonsavdelinga er stabs- og støttefunksjon for rådmann og avdelingane i kommunen i tillegg til politisk sekretariat. Avdelinga har ansvar for sentralbord/ekspedisjon, post- og arkivteneste, tenester for skattekontor og folkeregister, turistinformasjon og noko fakturering. Reinholdar på kommunehuset høyrer og til på administrasjonsavdelinga. Frå 1.januar 2011 vart avdelinga omorganisert til serviceavdeling.**

### Arkiv

Avdelinga har ansvaret for daglegarkivet i tillegg til fjernarkiv/ eldre arkiv for kommunen. Arbeidet med arkivplan er i gang. Det har i løpet av året vore gjennomført kurs i bruk av Ephorte arkivsystem.

### Politisk sekretariat

Avdelinga har to politiske sekretærer som skriv innkalling og møteprotokollar for utvala.

Utval	Saker i 2010	Møter i 2010	Saker i 2009	Møter i 2009
Kommunestyret	118	10	136	10
Formannskapet	144	14	148	14
Livsløpsutvalet	55	8	65	7
Drift- og arealutvalet	58	7	93	12

### Personalet

Ved utgangen av året var det 6 tilsette i staben fordelt på 4,7 årsverk.

Ein av tilsette gjekk av med alderspensjon i juni og ei har vore ute i fødselspermisjon i . Assisterande rådmann, som var leiar for avdelinga, gjekk av med alderspensjon frå 1. juli 2010. 1. desember vart det tilsett ny leiar for avdelinga.

### Kompetanseheving

Personalet har delteke på arkivsamling, fagkonferanse for servicekontora og andre individuelle fagkurs i løpet av året.

### For 2011 har avdelinga følgjande mål:

- Yte service til innbyggjarane ved å vere tilgjengeleg og kunne gje god informasjon og rettleiing.
- Få på plass ny nettside for kommunen for å betre tenestene på nett, betre informasjonen og kommunikasjonen med innbyggjarane.
- Arbeide for gode rutinar for dokumentbehandling og saksbehandling.
- Fullføre arbeidet arkivplan for kommunen.
- Ta del i arbeidet med eit intranett.

**Aud Merete H. Julnes**

**Leiar Administrasjonsavdelinga**



## Pedagogisk rådgjevar, skule og barnehagefagleg ansvarleg



Marianne Bolghaug, pedagogisk rådgjevar

### Føremålet

- På vegne av rådmannen vere kommunen sin representant som skule- og barnehageeigar.
- Pedagogisk rådgjevar representerar skulefagleg kompetanse over skulenivået.
- Pedagogisk rådgjevar er saksførebuar for sentrale skule- og barnehagesaker.

### Ansvarsområde

- Ansvar for rådgjeving og sjølvstendige oppgåver knytt til grunnskulen, inklusiv SFO, og vaksenopplæring, samt kommunen sine interesser vedkomande vidaregåande skule og kommunal barnehagedrift.
- Pedagogisk rådgjevar har eit særleg utgreiings- og saksbehandlingsansvar for m.a. ressursfordeling i skule / barnehage / spesialundervisning, klagesaker, kompetanse- og kvalitetsutvikling i skule og barnehage, samt skuleskys.

Pedagogisk rådgjevar er ein stabsfunksjon og gjennomfører mange ulike oppgåver.

Arbeidet innafør skule og barnehage fordrar tett samarbeid med instansar utanfor kommunen, m.a. pedagogisk psykologisk teneste i Molde, utdanningsavdelinga og samferdselsavdelinga i fylket, vaksenopplæringa i Molde, Tøndergård skule og Fræna kommune. I tillegg er Aukra med i ulike skule- og barnehagefaglege nettverk i Romsdal.

### Verdt å merke seg frå skule og barnehage 2010:

<b>Barnehage</b>	
<b>Barnehagedekning</b>	I 2010 var det full barnehagedekning etter nasjonal standard.. Ved hovudopptaket fekk alle barna plass.
<b>Tilsyn med barnehagane.</b>	Utført desember 2009. Rapport ferdigstilt januar 2010. Tilsynet var heimla i Barnehagelova § 16 om tilsyn. Tilsynet tok utgangspunkt i § 2 om innhald i barnehagen og § 29 om politiattest.
<b>Tenesteanalyse barnehage</b>	Administrativ prosess kring tenesteanalysen våren 2010. Analysen vert ferdigstilt når ressurgjennomgang på barnehageområdet er gjennomført våren 2011. Etter at analysen er ferdig, vil ein leggje fram forslag til barnehageplan.



Nøkkeltal jfr. Skoleporten "Tilstandsrapport for grunnskole" 17/3-10	Aukra	Kommune- gruppe 1	Nasjonalt
<b>Lærartettleik</b> 09/10 (forhold mellom elevtimar og lærartimar – gir info. om storleik på undervisningsgruppene inkl. spesialundervisning)			
1.-7 trinn	10,60	12,60	13,30
8.-10 trinn	10,40	13,80	14,80
<b>Læringsmiljø – trivsel med lærarane</b> 09/10 (skala 1-5. Høy verdi betyr positivt resultat)			
7. trinn	4,20	4,10	4,10
10. trinn	3,60	3,70	3,70
<b>Læringsmiljø – mobbing</b> 09/10 (skala 1-5. Lav verdi betyr lite førekomst av mobbing)			
7. trinn	1,50	1,50	1,40
10. trinn	1,30	1,40	1,40
<b>Læringsresultat – grunnskolepoeng</b>	40,0	39,2	39,8
<b>Læringsresultat – Nasjonale prøver, haust 2010</b>			
<b>5. trinn</b> (3 meistringsnivå, tala viser gj.snittleg meistringsnivå, nivå 1 er lavast)			
-Engelsk	2,6		2,0
-Lesing	2,2		2,0
<b>8. trinn</b> (5 mestringsnivå, tala viser gj.snittleg mestringsnivå, nivå 1 er lavast)			
-Engelsk	3,0		3,0
-Lesing	3,1		3,1
-Rekning	3,2		3,1
<b>9. trinn</b> (5 mestringsnivå, tala viser gj.snittleg mestringsnivå, nivå 1 er lavast)			
-Engelsk	x		x
-Lesing	3,80		3,50
-Rekning	3,70		3,40
<b>Læringsresultat – skriftleg eksamen</b>			
2010, snittkarakter			
-Norsk hovudmål	3,90		3,50
-Norsk sidemål			
-Matematikk	3,10		3,20



<b>Skole</b>	
<b>Tilstandsrapport 2010</b>	Rapport over store delar av grunnskolen sitt område vart skrivne. Den blei politisk handsama i Aukra kommunestyre desember 2010. Rapporten omhandlar mellom anna ressursbruk, læringsmiljø og læringsresultat.
<b>Gjeninnføring av rammetinetsberegning</b>	Den største delen av budsjettet i grunnskolen går til løn til tilsette. For å ha god oversikt og eit mest mogleg transparent system, har ein gjeninnført beregning etter rammetinetsmodell.
<b>Ressursgjennomgang</b>	I april / mai ble det administrativt gjort eit stykke arbeid i høve til økonomisk analyse av grunnskoledrifta. <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ KOSTRA (Driftsutgifter til undervisning, SFO, skolelokale og skoleskyss)</li> <li>▪ Klassedeling per trinn og elevtal per gruppe</li> <li>▪ Spesialundervisning</li> <li>▪ Sentralt og lokalt oppretta funksjonar og administrasjon</li> </ul>
<b>Gratis leksehjelp 1.-4. klasse</b>	Innført hausten 2010.

KOSTRA Barnehage	Aukra	Gj.snitt M&R	Landet u/Oslo
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage	139557	135665	133100
<u>Prosentvis fordeling av utgifter på:</u>			
Funksjon 201 - Opphold og stimulering	80,7	84,3	81,6
Funksjon 211 - Tilrettelagte tiltak	5,7	8,4	9,3
Funksjon 221 - Lokaler og skyss	13,6	7,3	9
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale barnehager per korrigert oppholdstime (kr)	49	47	45
Utgifter til kommunale lokaler og skyss per barn i kommunal barnehage (kr)	18966	9931	11994
<u>Fordeling av finansiering for kommunale plasser:</u>			
Oppholdsbetaling	14,8	16,6	16,6
Statstilskudd	44	57,7	53,6
Kommunale driftsmidler	41,2	25,7	29,7

**Mål for 2011:**

- God informasjonsflyt gjennom alle nivå - frå eining til politikarar og vice versa
- Innarbeide eit aktivt system (internkontroll) i høve til skuleeigar sitt ansvar med å følge opp at krava i opplæringslova vert oppfylt. Jf . opplæringslova § 13-10.

- Gjennomføre kommunalt tilsyn med skulane etter opplæringslova § 9a-3 *Elevane sitt skolemiljø, det psykososiale miljøet.*
- Utarbeide tilstandsrapport for grunnskolen i Aukra 2011. Jf opplæringslova § 13-10 2. ledd.
- Ferdigstille tenesteanalyse barnehage.
- Revidere dei kommunale vendtektene på barnehageområdet.

KOSTRA Skole	Aukra	Gj.snitt M&R	Landet u/Oslo
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, skolelokaler og skoleskyss, per elev	114200	88532	84427
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole (202), per elev	95255	75047	68866
Korrigerte brutto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per komm. bruker	40265	21988	22725
Korrigerte brutto driftsutgifter til skoleskyss (223), per elev som får skoleskyss	6779	6764	6671

**Marianne Bolghaug**  
Pedagogisk rådgjevar



# Årsmelding frå einingane

## Riksfjord skole



Spanande oppgåveløysing

Riksfjord skole er med i eit landsomfattande prosjekt, "Bedre læringsmiljø". Klasseleiing og arbeid mot mobbing har vore satsingsområde for skolen også i 2010. Leksehjelp er innført frå 01.08.10 for 1.-4. årstrinnet. Auka ressurs til dataretleiar er eit tilbakevendande tema.

### Bedre læringsmiljø

Riksfjord skole er med i eit landsomfattande skoleprosjekt, "Bedre Læringsmiljø", i regi av Utdanningsdirektoratet. Prosjektet skulle opprinneleg gå over to år, men er utvida til fire år. Hovudmålsettinga vår er "Auka læringstrykk i eit trygt sosialt miljø".

Satsingsområda for skolen er: Reglar og regelhandtering, mobbing og klasseleiing.

I 2010 har personalet, elevar og foreldre vore engasjerte i å finne fram til skolen sine verdiord. Dette arbeidet held fram også i 2011.

### Klasseleiing

Hausten 2010 har personale arbeidd med å lage "Handbok i klasseleiing" for Riksfjord skole. Også gjennom faglitteraturen har vi forsøkt å auke kompetansen vår på klasseleiing. Boka "Elevens læringsmiljø" er innkjøpt til personalet. Refleksjonar og erfaringsutveksling rundt aktuelle tema er ein viktig del av samarbeidet ved skolen.

Vi har hatt fokus på den målretta elevsamtalen, der eleven skal bli kjent med måla for opplæringa og få rettleiing i korleis komme vidare.

### Arbeid mot mobbing

Ved skolen har vi vidareført arbeidet med å skolere personalet i å observere og å avdekke mobbing. Særleg har vi hatt fokus på skjult mobbing, korleis avdekke og korleis stoppe skjult mobbing. Skolen har gjennom heile året hatt nær kontakt med Senter for adferdsforskning i Stavanger i samband med kurs og rettleiing for personalet.

### "First Lego League"

Elevar frå 9. årstrinnet har deltatt i First Lego League, ei verdsomspennande teknologi- og kunnskapskonkurranse. Profileringsgruppa gikk til topps av 40 lag i skandinavisk finale. No er dei inviterte til European Championship i Delft i Nederland i juni 2011.

### Nasjonale prøver

Det var svært gode resultat på nasjonale prøver i 2010.

#### 5. årstrinn - gjennomsnittstal (3 nivå):

lesing: skole 2,0, fylke 1,9, nasjon 2,0

rekning: skole 2,1, fylke 2,0, nasjon 2,0

engelsk: skole 2,2, fylke 1,9, nasjon 2,0

#### 8. årstrinn - gjennomsnittstal (5 nivå):

lesing: skole 3,1, fylke 3,0, nasjon 3,1

rekning: skole 3,3, fylke 3,2, nasjon 3,1

engelsk: skole 3,1, fylke 3,0, nasjon 3,0

#### 9. årstrinn - gjennomsnittstal (5 nivå):

lesing: skole 3,8, fylke 3,5, nasjon 3,5

rekning: skole 3,6, fylke 3,5, nasjon 3,4

### Personalet

Skolen har gjennom mange år hatt ei stabil personalgruppe. Personalet ved skolen har høg gjennomsnittsalder, der 18 av lærarane er over 55 år og har rett til redusert leseplikt. Lesepliktreduksjonen tilsvarar 137% lærarstilling. Denne ressursen blir tatt frå



rammetimane. Med 7 lærarar over 60 år og 4 personar over 62 år, er det mange vikarveker som skal erstattast.

I 2010 har vi hatt stor nedgang i sjukefråværet ved Riksfjord skole samanlikna med fjoråret. I 2009 var sjukefråværet 9 %, i 2010 er vi nede på 4,7 %.

### Foreldresamarbeid

Ein vellukka skole er avhengig av eit godt samarbeid med foreldra, der skole og foreldre jobbar i lag mot felles mål. Skolen har eit aktivt FAU som viser interesse for arbeidet ved skolen, bryr seg om elevane og er opptatt av at elevane skal trivast. Med bakgrunn i ønskje frå FAU, vart det i 2010 innført to årlege klasseforeldremøte ved skolen. Som ein del av arbeidet med "Trivsel, ro og orden" –satsinga ved skolen, har også foreldra laga sine foreldrereglar på lik line med elevreglane og lærarreglane.

### Vaksenopplæring

Riksfjord skole administrerer vaksenopplæringa på Gossen. Riksfjord skole har ansvar for opplæring for vaksne med rett til grunnskoleopplæring og vaksne med rett til spesialundervisning. Vi har etter kvart god erfaring med kjøp av tenester frå Molde Voksenopplæringsssenter som kan tilby varierte og gode tenester.

### SFO/leksehjelp

Elevtalet ved SFO har vore stabilt, om lag 1/3 av elevane i 1.- 4. årstrinn har tilbod i SFO. Frå august 2010 vart det innført frivillig, gratis leksehjelp for elevar på barnetrinnet. Det er SFO som administrerer og organiserer leksehjelpa. Leksehjelpa har vore eit positivt tilbod som elevane har hatt nytte av. Særleg gjeld dette for elevane på 2., 3. og 4. trinnet.

### Økonomi

Fordelt til drift:

Regnskap 2010	Buds(end) 2010	Avvik	Avvik i %	Regnskap 2009
32 945	31 924	1 021	3,2	30 734

Justert budsjett for Riksfjord skole var i 2010 på kr 31.923.598. Denne ramma skulle dekke drifta av skolen sine fire ansvarsområde,

grunnskole, vaksenopplæring, SFO og skolelokale. Årsoppgjeret for 2010 viste eit forbruk på 103 %. Overforbruket kan forklarast ved høge straumutgifter, og at Riksfjord har fått budsjettansvar for ekstra assistentar ved Tøndergård skole (160 % stilling). Dessutan hadde vi leirskoleopphald for to 7. klassar same budsjettåret då vi gjekk frå vinterleirskole til haustleirskole i 2010. Vi hadde 10 enkeltvedtak i samband med retten til særskilt norskopplæring (opplæringslova §2-8)

### Utfordringar framover

- Lokalt læreplanarbeid vil vere i fokus i 2011.
- Ein mobbefri skole må framleis vere eit viktig mål.
- Når det gjeld nyskolen vil planlegging av inventar og utstyr vere viktig framover.
- Rektor har sidan 2006 forsøkt å synleggjere behovet for auka dataretteleiarressursen ved skolen. Ressursen har vore uendra i mange år, medan talet på datamaskinar og databrukarar stadig aukar. Utdanningsdirektoratet har signalisert at frå 2012 skal eksamenssvara leverast digitalt.
- Med 400 databrukarar må det utarbeidast ein plan for utskifting og fornying av skolen sine datamaskinar. Likeeins er det behov for ein opptrappingsplan når det gjeld talet på datamaskinar ved skolen.

#### Nøkkeltal Riksfjord skole:

- ✓ 327 elevar pr 01.12.10
- ✓ 68 tilsette
- ✓ 11 elevar får spesialundervisning
- ✓ 31 minoritetsspråklege elevar
- ✓ 7 vaksenopplæringsselevar
- ✓ 44 elevar i SFO
- ✓ 18 lærarar over 55 år
- ✓ 2 IA-arbeidsplassar

**Inger-Åse Bieltvedt Rød**  
Einingsleiar Riksfjord skole





## Julsundet skole



Ungdomsskoleelevar lagar titteboks om den franske revolusjonen

**Hovudfokus for skolen vår har også i 2010 vore på å skape eit godt læringsmiljø for elevane våre slik at dei trivst og opplever meistring og framgang ut frå evner og føresetnader. Derfor ligg den største innsatsen vår i arbeidet med å lage til eit opplæringstilbod som er mest mogleg tilpassa den einskilde. Gode læringsresultat er også avhengig av god klasseleiing og eit mobbefritt skolemiljø.**

### Tilpassa opplæring

Skolen har gjennom fleire år brukt ideane frå MiLL-prosjektet for å skape god, tilpassa opplæring. Vi har brukt mykje tid på å hjelpe elevane til å finne gode strategiar for korleis dei lærer best mogleg. I år sette vi ekstra fokus på *læringstilane*. Korleis vil elevane ha det rundt seg når dei skal lære? Somme synest at det er godt når det er heilt stilt. Andre vert forstyrta når det blir for stilt. Somme vil ha det varmt, andre meir kjølig. Nokon lærer best dersom dei får liggje på sofaen og lese, andre må sitje på ein vanleg stol attmed eit bord. Slik er vi ulike.

Vi har brukt tid på at elevane skal prøve å finne ut korleis dei lærer best. Det har m.a. ført til at skolen har måtta kjøpt inn ganske mange hørselsvern, ikkje fordi at det er så mykje uro i timane, men somme elevar fann ut når det vart heilt stilt, blir dei forstyrta av all bakgrunns-

støyen som er i eit klasserom, m.a. susing frå PC'ar og ventilasjonsanlegg, ein elev som blar i ei bok eller flyttar på ein stol o.l. Det øydela konsentrasjonen for mange. Derfor var det fleire elevar som viste auka produktivitet og innsats når dei fekk sitje med hørselsvern når dei arbeidde individuelt.

Vi synest at vi har kome eit godt stykke på veg i arbeidet vårt, men ønskjer å få hjelp til å kome lenger. Det er derfor lagt til rette med midlar til noko ekstern rettleiing i arbeidet med å kome vidare. Då får vi hjelp frå pedagogisk senter i Skien, der dei har jobba mykje med MiLL-arbeid.

### Klasseleiing

God tilpassa opplæring er avhengig av god klasseleiing. Det er kjøpt inn ei bok til alle lærarane i Aukraskolen med mange gode idear og forslag til korleis ein betre kan styre i ein klasse. I 2010 fekk Riksfjord skole utviklingsmidlar frå Utdanningsdirektoratet for å jobbe med Betre Læringsmiljø. Innafor hovudtemaet deira var klasseleiing eit delemne, og dei fekk hjelp frå Senter for Atferdsforskning ved Universitetet i Stavanger. Vi var så heldige at vi fekk vere med på det same temaet som starta med eit foredrag ved starten av skoleåret, og der vi i etterkant på kvar skole skal utarbeide ei handbok i klasseleiing for skolen.

### Arbeid mot mobbing

Arbeid mot mobbing er eit kontinuerleg arbeid i skolen. Kommunen har sett eit ambisiøst mål for skolane i kommunen: *Ingen elevar skal bli mobba*. Eit viktig måleinstrument for oss i arbeidet, er elevundersøkinga, som elevane frå 6. – 10 trinn er med på kvart år. Der vert elevane spurt om dei har blitt mobba på skolen dei siste månadene. På siste elevundersøking fekk Julsundet skole eit resultat på 1,5. Dersom vi hadde hatt ein mobbefri skole, ville resultatet ha vore 1,0. Vi har dessverre nokre elevar som seier at dei vert mobba kvar veke. Ved skolen har vi ein handlingsplan mot



mobbing, og vi arbeider kontinuerleg med å få bukt med uvesenet. Vi kjenner elevane og arbeider mot den einskilde som blir mobba, mot mobbarane og i tett samarbeid med foreldra. Måten å arbeide på varierer frå tilfelle til tilfelle. Det viktigaste for skolen er å bli involvert i ein mobbesak så fort som råd. Då er det også kjekt å sjå at når vi kjem inn i ei tidleg fase av mobbinga, lykkast vi ofte i å få stoppa den.

Parallelt med arbeidet med einskildelevar har vi ein sosiallærer som arbeider med førebyggingsarbeid i det psykososiale miljøet til elevane. Ho er inne i klassar og observerer kommunikasjon og signal mellom elevar. Ho ser på dei i friminutt og har heile tida ein nær kontakt med einskildelevar om korleis dei har det. Likevel kan vi endå gjere meir for å få ein mobbefri skole.

#### Kommunale utviklingsmål.

Det er fem kommunale utviklingsmål for skolane som stort sett går ut på at elevane skal meistre dei fem- ferdigheitene som Kunnskapsløftet set opp, i alle fag, (lese, skrive, rekne, uttrykkje seg munnleg og bruke digitale verkty), dei skal oppleve trivsel, ro og orden og få ei auka lærelyst. Kor langt ein har kome i høve til å nå desse måla, kan ein lese av resultatet på nasjonale prøver og elevundersøkinga.

Når det gjeld *nasjonale prøver* har Kommunestyret sett som mål at andelen av elevar i Aukra på lågaste meistringsnivå skal vere lågare enn landsgjennomsnitt, og andelen av elevar i Aukra på høgste meistringsnivå skal vere høgare enn landsgjennomsnitt. I dei aller fleste ferdigheitene ligg andelen elevar på lågaste meistringsnivå godt under landsgjennomsnitt. I dei aller fleste ferdigheitene ligg også andelen elevar på høgste nivå over landsgjennomsnitt, om ikkje med like god margin som på det lågaste nivået. Vi ser at vi lykkast godt med opplæringa i lesing og rekning, og har ei utfordring med å bli betre i engelsk.

*Elevundersøkinga* fortel ein del om andre felt av elevane sitt læringsmiljø. I 2010 var det interessant å samanlikne undersøkingane frå 2009 og 2010, og ein vil ta med nokre tall som handlar om trivsel og lærelyst. Vi hadde ein

auke frå 72% til 88% av elevane som sa at dei trivst godt eller svært godt på skolen. Vi hadde ein tilsvarande nedgang frå 20% til 8% av elevane som sa at dei berre trivst litt. Ei liknande utvikling har vi også når elevane blir spurt om dei trivst i lag med lærarane sine. Vi har også ei svært positiv utvikling når elevane blir spurt om dei er interessert i å lære, om dei gjer lekser og om dei får nok utfordringar på skolen.

#### Nøkkeltal Julsundet skole:

- ✓ *Elevtal: 170 (88 på barnesteg. og 82 ungdomsteg.) Elevar frå Fræna: 51*
- ✓ *Elevar som får spesialundervisning: 13.7 i barneskolen og 6 i ungdomsskolen, 5 av elevane er frå andre kommunar*
- ✓ *Personale: 38*
- ✓ *Nærver: 91,7%*
- ✓ *Elevar i SFO: 19*
- ✓ *Elevar med særskild norskopplæring: 4, 3 elevar frå Fræna*

#### Arbeidsmiljøet for dei vaksne.

Ein svært viktig faktor for at elevane skal trivst på skolen og at vi kan drive ein god skole, er at dei vaksne også trivst og jobbar godt i lag. Vi er heldige og har eit kollegium som ser ut til å kose seg i lag. Det er mykje spøk og latter i miljøet, og det er lett å få hjelp av kvarandre dersom ein står fast. Vi har eit ungdommeleg kollegium med ein gjennomsnittsalder på om lag 42 år. Det gir seg utslag på sjukefråveret. I 2010 har vi eit eigenmeldt fråver på 1,2 %, medan det legemeldte er på 7,1%, slik at ein i sum kjem opp på 8,3% Det er gledeleg at kortidsfråveret er så lågt. Langtidsfråveret er sjukdomar som svært lite er relatert til arbeidet, og då er det lite ein kan gjere for få det ned. Målet vårt var å ha eit sjukefråver på 5%, og det nådde vi ikkje heilt.

#### Økonomi

Fordelt til drift 2010:

Regnskap 2010	Buds(end) 2010	Avvik	Regnskap 2009
		i %	
11 820	12 709	-889	-7,0
			12 191

Vi hadde ei budsjettramme i 2010 på



12 709 000, og vi brukte 11 820 000. Mykje av forklaringa på overskotet er at inntektene frå Fræna kommune vart høgare enn budsjettet. I premissane for budsjett vårt stod det at eit godt budsjett skal gi rom for ei god og variert undervisning. Eg meiner at det som står ovanfor fortel at budsjettet har verka etter hensikten. Elevane har fått ei god og variert undervisning i lag med eit personale som trivst på arbeid. Elevar med spesielle behov har fått den hjelpa som er tilrådd. Dette er viktig å ta vare på.

#### **Tankar om framtida.**

I åra som kjem må vi ha fokus på å få bygd ut skolen, slik at vi har plass til å ta i mot dei elevane som kjem. I 2011 blir det bygd på to klasserom og grupperom i småskolen. Nemda for vidare utbygging av skole og barnehage i

Julsundet har levert sin rapport. Då er det viktig for skolen å kome vidare med planlegging av full utbygging til ein skole som har plass til ein fulldelt barneskole og to parallellar i ungdomsskolen.

#### **Tilpassa opplæring/ MiLL.**

Vi er godt i gang med å lære elevane ulike læringsstrategiar samstundes som vi hjelper dei til å finne ut korleis dei lærer best. På kvart hovudsteg har lærarane vorte samde om faste læringsstrategiar som elevane skal kunne. Når elevane prøver ulike læringsstrategiar, er målet at dei skal finne nokre spesielle som passar best for dei, - og bruke dei vidare i læringsarbeidet sitt.

*Svein Løwe  
Einingsleiar Julsundet skole*



## Barnebo barnehage



Kreative aktiviteter utandørs på Barnebo

**I byen Reggio Emilia, i Italia, driv dei barnehagane sine etter Loris Malaguzzi sin filosofi. Den grunnleggjande ideen er at barn lærer i samhandling med andre barn, miljøet og medforskande vaksne. Det er opplevingane og barna sin eigen nysgjerrigheit som utgjør basis for læringa. Barnebo barnehage sitt møte med denne filosofien har gjort personalet meir merksame på si rolle, på barna og på det fysiske rommet.**

### **Lyttande pedagogikk.**

I året som gjekk vart vi nysgjerrige på Reggio Emilia filosofien i arbeidet med fokusområdet *kreative prosessar*. Arbeidet gjorde noko med korleis vi tenkjer møblering av det fysiske rommet for kreativ aktivitet, mellom anna kor tilgjengeleg og freistande materialer er for barna, slik at det innbyr til aktivitet. Tradisjonelt har vi vaksne vore formidlarar av kunnskap til barna. I Reggio Emilia sitt syn på barn og læring tek dei vaksne ei medforskande rolle. Hausten 2010 starta vi fokusområdet "Synet på barn". Personalgruppa arbeider med korleis vårt syn på barn vert tydeleg gjennom vår måte å møte barna på. Barns medverknad og medbestemmelse er viktige omgrep i dette. Nyfikne og lyttande vaksne er viktig. Vi øver oss på å bruke praksisforteljingar frå kvardagen som utgangspunkt for refleksjon

over eigen veremåte. Boka "Lyttande pedagogikk" (Åberg/Taguchi) er eit godt utgangspunkt for arbeidet som fortsett i 2011.

### **Pedagogisk innhald.**

Rutiner for ein best mogeleg overgang mellom barnehage og skole er sikra gjennom implementering av plana "Samarbeid og samanheng mellom barnehage og skule i Aukra kommune". Barnehagen sin "Plan for førskoleklubben på Barnebo" sikrar kvaliteten på aktivitetane til førskolebarna. Barnehagen får gode tilbakemeldingar frå Riksfjord skole på det arbeidet som vert gjort i barnehagen.

Tidleg innsats pregar arbeidet for barn som treng støtte ut over ordinært barnehagetilbod. Vi ser at arbeidet med mellom anna tilrettelegging av gode språkmiljø og språkstimulering med ulike typar verkty, gjev gode resultat. Dette er viktig for kvart barn her og no, men og med tanke på førebygging av lese- og skrivevanskar.

Fokusområda gjennomført i 2010 var *tilvenninga* og *kreative prosessar*, Fokusområdet *Synet på barn* oppstarta på hausten.

### Nøkkeltal Barnebo:

- ✓ Nærværprosent auka med 2,4 prosentpoeng frå 2009 til 93,3 %.
- ✓ 127 barn i august, 136 barn i desember i 9 avdelingar.
- ✓ 17 minoritetspråklege barn, 18 to-språklege barn.
- ✓ Opningstid 10 timar pr dag.
- ✓ Brukarundersøking foreldre/føresette. Snittscore 4,8.

### **Personalet.**

Nærværet i personalgruppa auka med 2,4 prosentpoeng til 93,3 %. Dette er vi godt nøgd med. Vi har nytta fleire IA- virkemiddel som har hindra arbeidstakarar i å gå ut i sjukefråver.



Arbeidet i nærversgruppa har vore verdifullt. Vi har oppretta trivselsgruppe og fått auke i kompetanseutviklingsmidlane for 2011 som resultat av arbeidet.

Forbetringsområda i handlingsplanen etter medarbeidarundersøkinga 2009 vert arbeidd med kontinuerleg, med tiltak på avdelingane/husa.

Det er viktig for kvaliteten på barnehage-tilbodet å ha ei stabil og kompetent leiar-gruppe. utfordringa vert nær leiing i ein stor organisasjon. Oppgåvene til dei pedagogiske leiarane har endra seg med endra krav til kvalitet på innhaldet i barnehage-tilbodet, og i samband med omorganisering til tonivå. Medarbeidarundersøkinga, medarbeidar-samtaler og kartlegginga av tidsbruken til dei pedagogiske leiarane viser at utfordringane dei har, er knytt til nær leiing på avdelinga. Tida til oppfølging og rettleiing av dei som dei er sett til å leie er knapp. Stillingsomtaler er ikkje revidert.

Tre tilsette gjekk av med pensjon i 2010. I Barnebo si 37-årige virke er det første gongen at avdelingspersonale har stått til oppnådd pensjonsalder.

Vi fekk lærling i barne- og ungdomsarbeidar-faget frå august. I tillegg starta 5 tilsette på same utdanninga i regi vaksenopplæringa ved Romsdal vidaregåande skole.

#### Foreldresamarbeid.

Brukarundersøking vart gjennomført i januar. Resultata (skala frå 1 til 6) viser høge score på innhald (4,8), trivsel (4,9), respektfull behandling (5,0) og tilgjenge (5,3). Resultata visar lavare score på brukarmedverknad (4,4), informasjon (4,5) og fysisk miljø (4,5).

Resultata er forbetra for alle dimensjonane når ein samanliknar 2010 med sist undersøking frå 2006. Talet på foreldre/føresette som nytta høvet til å svare på undersøkinga auka frå 37 % i 2006 til 59 % i 2010. Resultata er arbeidd med i foreldrerådet og personalgruppa. Foreldrerådet på barnehagen er eit aktivt og sjølvgåande råd. Dei har faste arrangement dei er ansvarlege for, i tillegg til å vere opptekne av innhaldet i det daglege arbeidet i barnehagen.

#### Informasjon og dokumentasjon.

Alle foreldre får tilbod om planer og informasjon tilsendt på e-post. Barnehagen har fått oversatt skjema og informasjon som gjeld oppstart i barnehagen til engelsk og polsk. På barnehagen sine heimesider ligg det informasjon over barnehagen si drift. Barnehagen har ressursperson som oppdaterer denne informasjonen, i tillegg til å legge ut nyheiter.

#### Økonomi

Fordelt til drift 2010:

Regnskap 2010	Buds(end) 2010	Avvik	Avvik i %	Regnskap 2009
3 521	4 629	-1 108	-23,9	4 749

Ramme: kr. 4 629 000, mindreforbruk på 23,9%. Mindreforbruket på ramma skuldast avvik på budsjettering av lønn. Feil i heimelsregisteret og velting av heimlar over i budsjett er forklaringa. Feil på lønsarten forplantar seg vidare i berekning av pensjon og arbeids-gjevaravgift.

Eit større nærvær enn målsettinga ga eit mindreforbruk på arten for sjukevikar. Driftstilskott som budsjettert, trass ledig kapasitet ved oppstart nytt barnehageår.

#### Gode utsikter.

Ressursgjennomgangen av Aukrabarnehagen denne våren vil vise kva dei ulike elementa i dagens barnehagedrift kostar og kva kvalitet vi får for ressursbruken. Arbeidet vart starta i haust og barnehagen bidreg inn i arbeidet med konkret informasjon, analyser av tala og diskusjonar om fag og kvalitet. Det er viktig å finne balansen mellom optimal økonomisk drift, tilpassa og fleksible løysingar for brukarane og målet om kvalitativt godt innhald på tilbodet i tråd med statlege føringar.

#### Struktur

Ein vil arbeide for å samle heile drifta til Barnebo på Aukratun/Furutun- området i permanente lokaler med kapasitet/fleksibilitet til å oppfylle lovfesta rett til barnehageplass.



Høg kvalitet er eit statleg styringssignal (Prop1 S):

- Likeverdig og høg kvalitet i alle barnehagar.
- Alle barnehagar skal være ein god læringsarena.
- Alle barn skal få delta aktivt i eit inkluderande fellesskap.

Målretta kompetanseutvikling er eit viktig arbeid. Kompetansen til personalet er avgjerande for at barnehagen kan oppfylle samfunnsmandatet sitt, og for at målet om høg og likeverdig kvalitet på barnehagetilbodet skal bli nådd.

Trivsel og nærvær skal fortsatt ha høgt fokus.

Datamaskiner tilgjengeleg for barna på avdelingane. Vi startar med innkjøp av 2 stk til kvart av husa med avdelingar for store barn. Vi har 5 stasjonære datamaskiner for personale/administrasjon og ei bærbar maskin per pedagogisk leiar. Det er frå IKT si side ikkje ønskjeleg at desse skal brukast av barna.

*Sissel Oliv Garseth*  
*Einingsleiar Barnebo barnehage*



## Bergetippen barnehage



Fargeglede i Bergetippen

**I 2010 har Bergetippen hatt fokus på det gode arbeidsmiljøet gjennom visjon og positiv innstilling. Solsikka som positivt symbol har gjort personalet meir bevisste på kva som skal til for at alle skal trivast. Kunstprosjektet har inspirert barn og vaksne til fargeleik og fargeglede, - det skal vidareførast til neste år. Og så er det store forventningar til utbygging av barnehagen !**

### Drift

I 2010 var Bergetippen barnehage godt innarbeidd i høve til utviding til 4 avdelingar og paviljong ved sida av hovudbygget. Paviljongen har ikkje det arealet som krevst og heller ikkje ei funksjonell romdeling, så det er ei utfordring å finne den beste måten å bruke avdelingane på. Ved opptak til nytt barnehageår hadde Bergetippen ledig 7 plassar ved oppstart. Det vart gjort restopptak i løpet av hausten, så til nyttår var det berre 1 ledig plass. Mange i Julsundet søker delte plassar. Dette barnehageåret er det 7 barn i heile plassar frå Fræna kommune som har fått tildelt plass for eit år om gongen.

### Brukarundersøking :

Denne vart gjennomført i januar. Det var låg svarprosent; 50 % på storbarns og 52% på småbarns. Trivsel og opningstider fekk høgast score, fysisk miljø lågast score. Det skuldast drift i paviljong.

### Plannemnda for utbygging

Bergetippen barnehage skal byggast ut, og det er sett av 20 millionar til dette i 2012. Hausten 2008 vart det oppretta ei plannemnd for vidare utbygging av barnehage og skole i Julsundet. I 2010 skulle Asplan Viak utgreie areal-disponering og korleis barnehagen kan plasserast. Dette var ein tidkrevjande prosess. Seint på hausten kom Asplan Viak med konkrete forslag på tilbygg av eksisterande barnehage, med vurdering av fordelar og ulemper ved forslaga. Forslaga skal arbeidast vidare med gjennom byggenemnd for barnehagen. Meininga er at denne vert oppretta snarast råd i 2011.

### Personalet – det positive fokuset !

Personalet i 2010 var 19 personar og eit varierende antal tilkallingsvikarar. Det er ei utfordring å ha mange nok gode vikarar over tid. Barnehagedrift i to hus krev fokus på at vi er ein barnehage. Med ei ung personalgruppa varierar denne noko frå år til år. Dette året har 3 i personalet vore i fødselspermisjon. Personalgruppa er prega av trivsel og godt samarbeid. Fråværsprosenten i Bergetippen var i 2010 auka til 13,5 % totalt, i hovudsak grunna fråvær knytt til svangerskap og diagnoser med påkrevd sjukmelding.

### Nærværarbeid

Dette året har Aukra kommune hatt fokus på auka nærvær på arbeidsplassen og Bergetippen har hatt ei gruppe som har arbeidd med tiltak for å auke trivsel og nærvær. Vi har arbeidd for det positive fokuset med solsikka som symbol og linedance og sosialt samvær for å få humør og trivsel. Nærværgruppa ønska T-skjorter med solsikkemotiv til personalet for å skape identitet. T-skjortene vart tekne i bruk til nytt barnehageår i august. Det vart også laga ei flott informasjonsbrosjyre til foreldra. Forslag til trivselstiltak elles: gratis spinning i Julsundet, auka grunnbemanning og medverknad frå personalet i utbygginga av Bergetippen.



### Kompetanseheving

Ei i personalet tek arbeidsplassbasert førskolelærarutdanning i Volda. I tillegg har vi to assistentar som snart vil ta eksamen i barne- og ungdomsarbeidarfaget. Dette er svært positivt for auka kompetanse i personalgruppa og i trå med nasjonale føringar for utvikling av god kvalitet i barnehagar. Dei fleste i personalet har dette året også vore på kurset "Magiske samlingsstunder" og blitt svært inspirert av dette.

#### *Nøkkeltal Bergetippen:*

- ✓ 62 barn på 4 avdelingar august 2010
- ✓ 67 barn ved årsskiftet 10/11
- ✓ 19 i personalet
- ✓ Opningstid 6.45 – 16.45
- ✓ Sjukefråvær totalt 13,5%

### Pedagogisk arbeid – kultur og friluftsliv

Bergetippen har arbeidd med identitet og nærmiljø gjennom satsingsområda kultur og friluftsliv. Dei fine turområde i nærmiljøet er mykje brukt. Tema har vore meg / familien, huset mitt og bygda mi. I vår var foreldra med på idèdugnad og medverka til arbeidet med identitet og nærmiljø. I haust arbeidde alle avdelingane med fargeleik og kunstprosjekt. Barnehagen samarbeidde med Anne-Brit Krag i eit verkstadprosjekt med glassmaling og anna maling. Etter avslutta prosjekt vart foreldra inviterte på utstilling ute. Prosjektet skal følgjast vidare opp våren 2011. Dette året har vi ei stor førskolegruppe med 17 barn. Dei har hatt aktivitetar gjennom "Solsikkeklubben". Gruppa er også med i eit prosjekt gjennom nynorsksenteret i Volda. Dette prosjektet skal gjere barna meir kjente med det nynorske språket gjennom bøker, songar, animasjonsfilmar og anna materiell, slik at dei lettare meistrar nynorsk når dei tar til på skolen.

Aukrabarnehagane har hatt glede av framsyningar frå Kultursekken i 2010. Vi har fått tilbod om to framsyningar for dei yngste og to for dei eldste. Framsyningane har vore flotte og profesjonelle og til glede for både barna og dei vaksne, og det opplevast som

svært positivt at Aukra er med på dette pilotprosjektet frå Møre og Romsdal fylke. På personalmøta har vi mellom anna arbeidd med den nye formålsparagrafen for barnehagar, som har innført *danning* som mål. Vi treng difor ei felles forståing av kva danning er og korleis ein arbeider med danning i daglege aktivitetar. I oktober 2010 kom NOU : 8 "Med forskertrang og lekelyst. Systematisk pedagogisk tilbod til alle førskolebarn". Utredninga legg føringar for kvalitet og kompetanse i barnehagen og har stort fokus på kva innhaldet i framtidens barnehagar skal vere. Difor er også dette eit dokument vi arbeider med.

### Økonomi og budsjett

Fordelt til drift 2010:

Regnskap 2010	Buds(end) 2010	Avvik	Avvik i %	Regnskap 2009
2 152	1 707	445	26,1	3 078

Budsjettramma for 2010 var på kr. 1.707.164. Forbruket var på 2.152.262, det vil seie eit meirforbruk på 445.000. Grunnen er at det var budsjettert med 850.000 meir i inntekt i høve til statstilskot enn det som vart reell inntekt. Dette utgjer statstilskot for 10 barn født etter 2007. Barnetalet i Bergetippen har variert, og for 2010 vart det budsjettert statstilskot for fulle avdelingar, men realiteten vart 10 ledige plassar vår 2010 og 7 ledige plassar i august. Det er vanskeleg å berekne tal på barn ut frå tilflytting i løpet av eit år og kor mange barn frå Fræna det blir søkt for. Utgifter til vikarar ligg høgt, og ein grunn er førskolelærarutdanning i personalet som må ha vikar i praksisperiodar. For 2010 utgjorde det 3 månader. Det må dekkast av eige budsjett. Frå nytt barnehageår vart kostpengane auka til 300,- pr. mnd., og budsjettet viser no at utgifter til mat er til sjølkost. Det har ikkje vore investert i prosjekt i Bergetippen dette året. Planlagt vognoverbygg er utsett i påvente av løysingar på nybygg.





### Resultatoppnåing i høve til målsettingar for 2010

- Vi har arbeidd med å utvikle barnehagen som arena for lokal og nasjonal kultur gjennom kunstprosjekt, fokus på nærmiljø og lokal kultur, nynorsk språkstimulering og samarbeid med Kultursekken
- Vi har hatt fokus på trivsel og nærvær gjennom solsikka som symbol på positivt fokus og mange sosiale tiltak.
- Vi brukar visjonen vår :Trivsel for alle, - der vi er bevisste på at godt arbeidsmiljø blant vaksne gir betre trivsel og læringsmiljø for barna.
- I løpet av 2010 har utbyggingsplanar for Bergetippen så konkrete at personalet no er i ein god prosess med idear og meiningar om gode løysingar for å få ein funksjonell barnehage.
- Det er investert i digitale skjermar til kvar avdeling til bruk for fotoframsying mm

### I 2011 vil vi :

- Arbeide vidare med kunstprosjektet vårt i samarbeid med lokal kunstnar.
- Ta vare på trivsel og positivt fokus i arbeid og sosialt utanom arbeidstid.
- Auke kompetansen på språk og språkstimulering gjennom kursing.

- Tilsetje assisterande styrar i 50 % stilling.
- I samarbeid med arkitekt og utbygger bidra til ein prosess som gjer at utbygginga av Bergetippen barnehage vert best mogleg for barn, foreldre og personale.

### Utfordringar framover

- Få meir optimal drift gjennom å bemanne avdelingane i samsvar med tal på barn.
- Avklare avtale om eventuelle refusjonsordningar for "gjestebar" frå nabokommunar.
- Utbygging av Bergetippen – gode løysingar innanfor planlagt tidsramme og budsjett
- Auka nærvær i personalet.

*Berit Drejer*

*Einingsleiar Bergetippen barnehage*



## Oppvekst og kultur



"Ordførarturen" ved Smågevatnet samla over 200 deltakarar. OKU serverte frukt og drikke til deltakarane.

**Det førebyggjande og haldningsskapande arbeidet har vore overordna satsingsfelt, både for å vidareutvikle eininga og det tverrfaglege arbeidet. Gjennom utadretta arbeid har eininga arbeidd for å skape dei gode kulturopplevingane ved å ha fokus på verdiane i lokalsamfunnet.**

**Frivillig engasjement og dugnadsinnsats**  
Med utgivinga av boka *Fritid i Aukra* fekk ein synleggjort det store mangfaldet i fritidskulturlivet. Utgivinga var et samarbeid med Aukra Næringsforum og kom i tillegg til samarbeidet om Aukradagen som vart gjennomført for tredje gong.

Med avsette fondsmidlar fekk frivillige lag og organisasjonar tilskot til å kunne realisere gode prosjekt som har kome mange til glede og nytte. Utfordringa er å utvikle dei gode arenaene for dialog, innspel og samarbeid slik at alle grupper får være delaktig i utvikling av dei gode kulturopplevingane.

Arbeidet med kulturplana vart starta opp, med god hjelp frå mange frivillige. Ferdigstilling av arbeidet vart forskyvd til 2011 for å få med resultat av innbyggjarundersøkinga og vedtak om satsingsområde i kommuneplanarbeidet.

### **God helse – eit langsiktig arbeid**

Aktiv på Dagtid har hatt tilbod om trening fire dagar pr. veke. Medlemstalet har auka frå 32 medlemmar i 2009 til 54 i 2010. Med eit godt samarbeid har vi fått eit kvalitetsmessig bra

tilbod. Fleire av medlemmane deltok også på kosthaldskurset "Bra mat for betre helse". Gå- og sykkelaksjonen ved skolane vart gjennomført i perioden medio april til medio juni.

Tverrfaglege gruppe som arbeider med kvalitetssikring og utvikling av det rusførebbyggjande arbeidet i kommunen er kome godt i gang.

På den årlege ordførarturen deltok 203 personar på ulike aktivitetar som fleire frivillige lag og organisasjonar var med å gjennomføre. OKU tok initiativ til å starte opp tilbodet "Dansekveld på Soltun", eit lavterskeltilbod der alle aldersgrupper kan delta.

Folkehelsekoordinator har i løpet av året heldt innlegg i ulike fora om tema kring God Helse arbeidet.

Arbeidet med og innføring av Samhandlingsreforma blir viktig i forhold til organisering av det vidare folkehelsearbeidet i kommunen. Folkehelsearbeidet er forankra i fleire plan-dokument i kommunen, men ein må fortsett arbeide for eit systematisk arbeid med forankring i planverka på tvers av einingane og ut til frivillige lag og organisasjonar.

### **Idrett og friluftsliv**

80 personar fekk i år tildelt turkruket etter "10 turmål"-konkurransen som vart gjennomført i perioden mai – oktober. Også i år vart turkruket utarbeida i samarbeid med kulturskulen, der elevar på bildefag laga design.

Fire søknader om spelemidlar vart sendt inn frå Aukra kommune. Tre av desse fekk tilskot, -tursti Ørnehaugen, toalettanlegg på Horrem og kunstgrasbana på Riksfjord. Søknad om tribune- og garderobebygg på Riksfjord stadion vert fornya og kunstgrasbanen på Riksfjord vert gjentatt i 2011.

Samarbeid med frivillige lag og organisasjonar og Friluftsrådet kring turstiar, ivaretaking av toalettbygg og friluftsområde har fungert godt.



Opptellinga viste til saman 16.942 navnetrekk i dei 10-turmål bøkene i perioden 10. mai til 25. oktober.

Turmål	Antall besøk
Svartnakken	870
Emershaugen	2659
Jærmannburet	1508
Storklauva	747
Ørnhaugen	983
Pe`skaret	372
Brenslen	986
Kleivhaugen	526
Hundetjønna	2163
Aukraskogen	6128
<b>SUM</b>	<b>16 942</b>

### Aukra folkebibliotek

Biblioteket har for fjerde år på rad hatt auke i utlånstala. Eit utlån på 11387 bøker og andre media gjer ein vekst på 7,5 % for 2010. Ein har gjennomført ulike arrangement gjennom året, for ulike aldersgrupper. Til dømes var barnetimane på laurdag føremiddag godt besøkt, likeins dei to quiz-kveldane biblioteket arrangerte saman med Aukra kulturskole. Fleire av arrangementa har vore samarbeid med frivillige, det har fungert fint. Biblioteket skal gje eit godt tilbod til alle grupper i befolkninga, og ein har jobba kontinuerleg med å bygge opp ei god samling, og gjere tilbodet kjent. Ein har arbeidd for å gje eit godt tilbod til dei framandspråklege i kommunen, ved å kjøpe inn språkopplæringsmateriell, og låne inn bøker på deira eige morsmål frå Det Flerspråklige Bibliotek. Samarbeid med skole og barnehage er viktig for å nå aldersgruppa barn og unge. Biblioteket følgjer opp arbeidet i skolebiblioteka, og har gjennom året lånt ut depot med bøker til både skoleklassar og barnehageavdelingar. Dei som ønskjer det har komme på bibliotek-besøk. Biblioteket arrangerte også forfattarbesøk for skolane, der Maria Parr besøkte både Riksfjord og Julsundet.

### Barneverntenesta

Tenesta har sidan starten av august hatt til saman full bemanning av dei to stillingane. 50% har vore ved hjelp av innleidd konsulentbistand. Fram til november har vi hatt ein person på arbeidstiltak frå NAV nokre timar for veka. Ei utfordring for dei tilsette har vore å handsame undersøkingane innan oppsette fristar, på grunn av bemanningssituasjonen. I september førte Fylkesmannen tilsyn med tenesta. Det vart deretter utarbeida ei plan for å føre tenesta vidare innafør dei rammer og lovar som gjeld. I oktober gjorde kommunestyret vedtak om å organisere tenesta med Molde kommune som vertskommune, og forhandlingar vart starta opp. Parallelt er det og arbeidd med lokalar i helsesenteret med tanke på ei flytting dit. Dette uavhengig av samarbeidet med Molde. Det tverretatlege samarbeidet med andre kommunale tenester fungerer greitt, og utviklar seg stadig i positiv lei.

### Flyktingarbeidet

To familiar fekk familiegjenforeining i løpet av året. Far og eit barn på 5 år vart gjenforeint med mor og dotter på 4 år, og mor og 2 barn på 4 og 5 år vart gjenforeint med far. Tre personar flytta til kommunenn. Jfr. vedtak frå 2008 om å busette 15 flyktingar har kommunen så langt til saman busett fem personar. Utfordringa er å ha kommunale boligar tilgjengeleg. Det vart fødd eitt barn i 2010. Pr. 31.12 er til saman 11 vaksne og 10 barn busette på Gossen, der alle kjem frå Somalia. To palestinarar flytta på hybel i Molde i august då det gjer kvardagen enklare med skulegang og jobb. Dei gjekk ut frå introduksjonsprogrammet i august. Fire vaksne (ein frå august) er i arbeid, ein går i vidaregåande skole, åtte deltakarar i introduksjonsprogram, derav to i grunnskoleopplæring, to avslutta i august, ein vaksen er arbeidsufør, og deltek i "Aktiv på dagtid" og ein vaksen er utan aktivitet, frå juni. Barna er integrert i lokalsamfunnet med aktivitetar på fritida. Dei vaksne held seg mest for seg sjølv, og har lita interesse for våre fritidsaktivitetar. Barna under skolepliktig



alder går i barnehagen. Det er positivt at foreldra har deltatt på foreldresamtalar i barnehagen og på skolen. Kvinnene møter på "Kvinnetreff" som har møte ein gong i månaden og er med i aktivitet som gruppa har.

Nøkkeltal Oppvekst og kultur:

- ✓ Biblioteket har for 4. år på rad hatt auke i utlånstala
- ✓ 203 personar deltok på ordførarturen i haust
- ✓ 16.942 namnetrekk er registrert i dei 10 turmålboekene i løpet av sesongen
- ✓ Medlemstalet for Aktiv på Dagtid auka frå 32 personar i 2009 til 54 i 2010
- ✓ Aukra skal fortsett være MOT kommune
- ✓ Ungdomsarbeidar først ute for å nå dei unge på Facebook i Aukra, med "Ung i Aukra"

### Aukra kulturskole

Talet på elevplassar er omlag 240. I tillegg samarbeider kulturskolen med bl.a. barnehagane, grunnskolane, Aukraheimen, andre delar av eining for Oppvekst og Kultur og det frivillige kulturlivet, og når slik eit stort tal av kommunens innbyggjarar utover kulturskolen sine eigne elevar.

Av arrangement kulturskolen har hatt ansvar for/delteke i kan nemnast: Aukradagen, Kulturskoleveka og ulike lokale arrangement, samt barnetimar og quizarrangement i samarbeid med biblioteket.

2010 er tredje og siste året som deltakar i Kulturskolefokus 3, eit utviklingsprogram i regi av Norsk kulturskoleråd.

Kulturskolen har hatt ein del permisjonar i personalet, men god fagkompetanse har vorte rekruttert til vikariata. Endringar i personalet fører til endring i arbeidsmengd i administrasjon og leing for kulturskolen, og endringar i høve til elevmassen. Det har m.a. vore merkbart høgare avgang av elevar i 2010. Kulturskolen har investert i nytt lyd og lys utstyr til salen på Aukratun, slik at salen no har grunnleggande godt teknisk utstyr.

Kulturskolen er aktiv med i regionssamarbeid og deltek i Talentutviklingsprosjekt i musikk, Talentutviklingsprosjekt i dans,

Interkommunalt kulturskolesamarbeid og "Den kulturaktive eleven".

Ein er i gong med å sjå konturane av nye utfordringar som i stor grad er knytt til Kulturskoleløftet og utviklinga av kulturskolen som ressurscenter. I tillegg ser me det som naturleg å styrke samarbeidet mellom kulturskole og foreldre, samt det politiske eigarskapet av kulturskolen.

### Ung i Aukra.

Ungdomsarbeidar er kontaktperson og sekretær for ungdomsrådet. Dei har vore deltakande i gjennomføring av ulike arrangement og deltatt i kommunale grupper. Ungdomsarbeidar er pådrivar og bistår elles i saker som angår ungdomsrådet. Spesielt har sak om kollektivtransport hatt deira fokus. Ungdomsarbeidar og representantar frå ungdomsråd har delteke på konferanse retta mot politisk råd.

Open Hall er friarenaen der ungdomane organiserer seg sjølve. På det jamne er om lag 50-60 ungdommar innom på fredagskveldane. Ungdomsklubbane på Julsundet og på Gossen er drevet på dugnad av ungdom og foreldre. Utgifter til husleige, renovasjon og straum vert dekt innafor ansvaret ungdomsarbeid. Julsundet ungdomsklubb vart opna igjen i desember etter å ha vore stengd på grunn av hærverk og tjuveri.

Ungdomsarbeidar er MOT-koordinator og ein av kommunens to MOT-informatørar. MOTivatørskolering for aktuelle frivillige lag vart gjennomført om våren. I den anledning signerte Gossen idrettslag på at to av laga skulle vere MOT-lag. Vi fekk besøk av MOT-turneen i mars, der både landskjente og lokale innslag av ungdomskoleelevane vart vist fram. Kommunestyret gjorde vedtak om fortsatt å vere lokalsamfunn med MOT. Det har også blitt gjennomført MOT-lærereforedrag på Riksfjord skole. Bjørnsund var arena for MOT sommarleir der om lag 40 ungdommar deltok. Facebooksida Ung i Aukra vert administrert av ungdomsarbeidar og nytta som eit verkemiddel for å betre kontakten med dei unge. Logoen er vedteken av ungdomsrådet.



Ei utfordring framover vil vere å gjere kommunikasjonen med ungdommane enda betre. Her må vi satse på nettsider tilrettelagt til og for ungdom. Vi må arbeide for eit tettare samarbeid med politikarar og politiske utval for å skape eit velfungerande og engasjert ungdomsråd, samt skape gode samarbeidsforhold for å innarbeide MOT på ungdommen sin fritidsarena, i samarbeid med fritids- og kulturlivet.

### Økonomi

Fordelt til drift 2010:

Regnskap 2010	Buds(end) 2010	Avvik	Regnskap 2009
		i %	
13 228	13 823	-595	12 825
		-4,3	

Regnskapet viser eit mindreforbruk i forhold til budsjettert ramme. Dette kjem av at Gossen Idrettslag har registrert tribuneanlegget sitt i mva-registeret, og sender faktura på husleige

for garderober inkl. mva. Ifølgje bokføringslova er det ikkje høve til å forskotsfakturere i 10 år fram i tid, og vi får difor ei årleg utgift på kr. 150.000 + mva i 10 år. Budsjettert utgiftspost har difor eit mindreforbruk på kr. 1.350.000 for 2010. Når ein tek omsyn til denne korrigeringa har eininga eit overforbruk på kr. 755.000,-. Barneverntenesta har ei overskriding av budsjettert ramme på omlag 900.000,- Det meste er knytt opp i mot kostnad til innleidd konsulentbistand, kr. 757.000,-, Det resterande er knytt til enkeltvedtak i privat institusjon som vart dyrare enn berekna. Dei andre ansvarsområda vert sett under eitt.

KOSTRA	Aukra	Gj.snitt M&R	Landet u/Oslo
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner	2920	1535	1594
<b>Fordeling av netto driftsutgifter innenfor kultursektoren</b>			
Netto driftsutgifter aktivitetstilbud barn og unge (F231)	11,4	6,1	10,1
Netto driftsutgifter til folkebibliotek (F370)	14,6	15,6	15,9
Netto driftsutgifter til idrett (F380)	18,5	10,2	12,6
Netto driftsutgifter kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg (F381)	1,6	13,8	15,2
Netto driftsutgifter til musikk- og kulturskoler (F383)	29,8	21,9	15,2
Netto driftsutgifter til andre kulturaktiviteter (F385)	21,8	14,7	13,2
Netto driftsutgifter kommunale kulturbygg (F386)	2,3	9,9	7,7
<b>Kommunale musikk- og kulturskoler</b>			
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per bruker	18167	13528	13029
Andel elever (brukere) i grunnskolealder i kommunens musikk- og kulturskole, av antall barn i alderen 6-15 år	38	22,1	15,3

*Anne Jorunn Sandøy  
Einingsleiar OKU*



## Pleie og omsorg



*Dei palliative sjukepleiarane er godt nøgd med eigne rom på Aukraheimen til disposisjon for alvorlig sjuke og deira pårørande.*

**Pleie og omsorg har i 2010 hatt fokus på arbeidsmiljø, fagutvikling og leiing. Vi vil vere ei lærande bedrift der alle får muligheit til personleg utvikling, og at alle tek ansvar for å utøve gode tenester til brukarane. Omsorgsplanane og samhandlingsreforma er leiande for utvikling og utbygging av tenestene.**

### **Brucarane**

Målsettingane i budsjett i 2010 i høve brukarane er nådd, og alle har fått hjelp etter behov. Saksvedtaka ved heimetenesta har ofte komme etter fristen, hjelpa har komme først. Ikkje planlagt heimesjukepleie i Julsundet på natt og sein kveld, har vi greidd å imøtekomme ved at tilsette som bur i Julsundet, går ut i fritida si.

Ved Aukraheimen har alle med behov fått plass. Vi har i perioder hatt ledige plasser, belegget har vore på 94,6 %.

### **Personalet**

PLO hadde ei målsetting om nærvær på 93 %. Dette har vi ikkje greidd då nokre avdelingar har stort sjukefråvær. Nærværet i 2010 er på 91,9 %

Fråværet går nedover: 2008 11,6%, 2009 8,7% 2010 8,1% (eigemeldt 1,1% legemeldt 7%)

I 2010 har vi hatt fokus på arbeidsmiljøet og auka nærvær/langtidsfrisk; 4 avdelingar har gjennomført nærværprosjekt.

To avdelingar har hatt to-dagars samling med tema arbeidsmiljø, fagutvikling og leiing. Samarbeidsmøte med tillitsvalde er avvikla 3 gonger. Målet er 4 gonger pr år.

Vi har tett oppfølging av sjukemelde og eit godt samarbeid med NAV. Vi prøver å legge til rette slik at sjukemelde kjem snarast råd tilbake til arbeid.

Avdelingane merkar at det er liten tilgang til vikarar, noko som medfører bruk av overtid for å få fagleg forsvarlege tenester.

### Nøkkeltal - brukarane av tenestene:

- ✓ Personar på dagopphald: 30
- ✓ Matombringning til 42 personar
- ✓ 19 stk mottek omsorgsløn
- ✓ 69 personar har trygghetsalarm
- ✓ Personar med hjelp i eigen heim: 104
- ✓ Brukarstyrt personleg assistent: 2
- ✓ Sju personar over 70 år har støttekontakt

### **Kompetanse - Rekruttering**

Pleie og omsorg ønske å vere ei lærande bedrift. Vi arbeider for at tilsette skal få høve til vidareutdanning og vi tek imot elevar studentar og søkere til arbeidspraksis – slike tiltak er ein vinn-vinn situasjon.

Kompetansetiltak i 2010:

- 4 lærlingar har teke fagbrev i helsefaget – 3 av dei gjennom vaksenopplæring
- 23 har avslutta studiering i Demensomsorgens ABC.
- 3 sjukepleiarar tek vidareutdanning i Aldring og eldreomsorg,
- 2 hjelpepleiarar tek vidareutdanning i Psykisk helsearbeid.
- 2 fagarbeidarar tek vidareutdanning i Aktiv Omsorg - teneste for demente.
- 1 vernepleier tek vidareutdanning i Organisering og veiledning av støttekontakter, avlastere og frivillige.
- Vi har underteikna 5 nye lærekontraktar, 4 i helsefag og 1 i kokkefaget
- Fleire av våre tilsette tek grunnutdanning i sjukepleie, ei var ferdig i desember 2010, og tilbake i arbeid i PLO



- 3 sjukepleiarar har teke mange kurs i palliativ og lindrande omsorg
- alle tilsette har gjennomgått kurs i medikamenthandtering
- sekretær har gått kurs og fått god kompetanse på vederlagsberekning for opphald i institusjon

Kompetanseløftet 2015: Aukra kommune fekk tildelt midlar etter søknad kr 119 500,-

- Vidareutdanning aldring og eldreomsorg – kr 30 000,-
- Vidareutdanning miljøterapi demens – kr 20 000,-
- Grunnutd. Sjukepleie – kr 15 000,-
- Fagskole psykisk helse - kr 20 000,-
- Demensomsorgens ABC - kr 34.500,-

#### Rekrutteringstiltak:

- Stand på Aukradagen
- Unge arbeidstakarar i feriejobb – 15 -17 år. Dei får oppgåver ut frå alder og kvalifikasjonar
- Besøke ungdomsskolane og vidaregåande med informasjon om læreplassar – lærlingane deltek

Pr i dag har vi ikkje ledige sjukepleiestillingar. Nyutdanna sjukepleiarar og helsefagarbeidarar får tilsetning i små stillingsbrøkar fast på helg. I tillegg får dei tilbud om kortare vikariat – uønska deltid. Vi har ikkje søkarar til ledige vernepleiestillingar

#### Arbeid for å redusere deltid:

- Så langt drifta tillet det, blir ledige stillingar fordelt mellom dei som ønsker høgare stilling.
- I 2011 vil ei avdeling auke grunnbemanning på dagtid ved å bruke av vikarbudsjetten. 100 % stilling blir då brukt til auke i stillingsbrøkar

#### Avdelingane

Heimetenesta: Etterspørsel etter tenester aukar. Fleire hjelpetrengande med alvorlege kroniske sjukdommar aukar behovet for meir tverrfaglege samarbeid og høgare kompetanse. Tidlig utskrivning frå sjukehuset set større krav til faglege kvalifikasjonar og tverrfagleg samarbeid. Demensomsorga er ei utfordring,

15 brukarar i heimetenesta har demensdiagnose, nokre under 70 år. Desse brukarane treng tett oppfølging, og hjelparen må bruke tid i heimen og ha god dialog med pårørande for å få til gode tenester.

Vi har brukarar med tenesta Brukarstyrt personleg assistent BPA - dette gjer tenesta meir fleksibel for brukaren

Aukraheimen: Kjøkkensjefen vikarierer som leiar av Sørbo fom okt 2010 i eit år, ein sjukepleier har det sjukepleiefaglege ansvaret. Ved Sørbo har vi laga ei "oase" der eit sjuke rom med tilhøyrande stue, kjøkkenkrok og dusj/toalett er skjerma frå resten av avdelinga. Dette er ein sjølstendig del av avdelinga der bebuar har høve til å ha sine pårørande rundt seg heile døgnet i den siste fasen i livet (palliativ sjukepleie = lindrende pleie for alvorleg sjuke og døyande). Bedrifter og organisasjonar har bidratt med pengar til utstyr - m.a sovesofa og dusj. Norbo har fått pussa opp fasaden utvendig, alle vindu og altandører er skifta, trekk frå vindu og dører er dermed borte. Aukraheimen har kjøpt nye møbler, TV-signala er utbetra og nye store TV på stuene ved Sørbo og Nordbo er kjøpt inn.

Gåvekonto: PLO får mange minnegåver i høve gravferder. I 2010 har gåvene blitt brukt til nytt høgtalaranlegg i stua på Aukraheimen

Aukraheimen har eit godt fungerande Pårøranderåd som er medspelarar i utvikling av tenestene og trivsel til bebuarane.

Ved Aukraheimen har vi oppretta ein varig verna arbeidsplass.

#### Bergtun

Bergtun har utvida tilbodet med ei leiligheit. Ved avdelinga har det vore utskifting av bebuarar, noko som medfører nye behov og auka krav til kompetanse og kvalifikasjonar for leiar og tilsette. Arbeidstokken er utvida med ca 2 stillingsheimlar. Vi fekk ikkje søknad til ledig vernepleiestilling. Bergtun har ein IA-arbeidsplass



Avlastingsbustaden

Søknad om plass ved avlastingsbustaden har auka. Små stillingar og mange ufaglærte arbeidstakarar set store krav til rettleiing og opplæring frå avdelingsleiar. "Prosjekt Avlasting og Støttekontakt" er ferdigstilt og vil bli lagt fram for politisk behandling 1. halvår 2011.

Målet er å sjå tenesta til enkeltbrukarar under eitt og slik få til større stillingar og færre tilsette rundt den enkelte.

Fleire nøkkeltal:

- ✓ Bergtun har ni bebuarar – belegg 82,3 %
- ✓ Avlastingsbustaden har to brukarar
- ✓ Aukraheimen har 44 bebuarar, eit belegg på 94,6 %, dekning av 80+: 27,7%, M&R 19,4 %, landet 18,6 %
- ✓ Enkeltvedtak heimetenesta: 88(1avslag)
- ✓ Enkeltvedtak inntaksnemda: 148(2 avslag)
- ✓ Utg. pr brukar institusjon (253+261) kr 727 043/ M&R kr 763 297/ landet kr 823 708
- ✓ Utg. pr brukar heimeteneste ( 254) kr 153 281/ M&R kr 188 998/ landet kr 175 817,-

**Planer/planarbeid**

I 2010 har ein så vidt starta opp arbeidet med planer for:

- Ombygging av Aukraheimen
- Omsorgsbaser i Julsundet,
- Bufellesskap for eldre på Gossen
- Ny avlastingsbustad

Økonomiplana for 2011 – 2014 har sett av midler til ombygging av Aukraheimen og bygging av ny avlastingsbustad i 2012 til 2014. Interesse for bufellesskap for eldre på Gossen blir undersøkt innan mars 2011.

Helsefremmande og førebyggjande tiltak og styrking av rehabiliteringstenesta i kommunen blir det arbeidd vidare med i tråd med Samhandlingsreforma.

**Investeringar i 2010:**

- Ny leiligheit v/Bergtun bufellesskap oppstart desember 2009 – ferdig mai 2010
- Nybygg lager hjelpemidler oppstart 2009 – ferdig medio 2010

Teletun har fått nye lokaler og skifta navn til Aukra Dagsenter.

Nytt Turnusprogram med bla elektroniske timelister.

Ny sentral for trygghetsalarmane er installert.

**Økonomi:**

Fordelt til drift 2010:

Regnskap 2010	Buds(end) 2010	Avvik	Regnskap 2009
50 587	48 742	1 845	49 089
		3,8	

**Budsjettert ramme for 2010: kr 48 741 789,-** som skulle dekke drifta av Aukraheimen, Heimetenesta, Bergtun, Avlastingsbustaden og Teletun.

Driftsresultat: kr 50 587 460, dvs eit overforbruk på 1,85 mill – 3,8 %

Rekneskaps gjennomgang viser at vi har overforbruk på desse postane: Straum kr 500 000,- Overtid for å fa ei fagleg forsvarleg drift kr 300 000,- medisin og medisinske forbruksvarer har auka vesentleg i høve budsjett; meirforbruk kr 400 000,-. Budsjett ferievikarar er ikkje auka i tråd med lønsutvikling og medførte overforbruk på kr 700 000,- Tilsaman 1,9 mill.

	Aukra	Gj.snitt M&R	Landet u/Oslo
<b>KOSTRA Pleie og omsorg</b>			
Korrigererte brutto driftsutgifter pr. mottaker av kommunale pleie og omsorgstjenester	474778	327055	304662
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten	17513	14819	13218
Institusjoner (f253+261) - andel av netto driftsutgifter til plo	55	46	46
Tjenester til hjemmeboende (f254) - andel av netto driftsutgifter til plo	35	49	49
Aktivisering, støttetjenester (f234) - andel av netto driftsutgifter til plo	10	5	5





Aukra har ein stor andel sjukeheims plassar i høve til andre kommunar, noko som vil gje større utgifter pr. brukar.

**Utfordringar og ønske for 2011:**

- Plan for rekruttering og kompetanseheving må på plass
- Arbeide vidare med prosess langtidsfrisk
- Utføre brukarundersøkingar for institusjon og heimeteneste
- Utarbeide serviceerklæringar
- Arbeidspresset ved avdelingane er stort. Vi må gå gjennom å sjå om vi kan effektivisere drifta.

- Opprette stilling for demenskontakt  
Ha god tilgang på kvalifiserte vikarar
- Få på plass eit "riktig" budsjett
- Iplos registreringa må bli meir nøyaktig
- Planlegge tenestene og investeringane i tråd med Omsorgsplanane og samhandlingsreforma.

*Åse Breivik  
Einingsleiar  
Pleie og omsorg*



## Helse



Nye Aukra Dagsenter opna 17.desember 2010

Folkehelsa er god i Aukra kommune og kommunen har den lågaste dødligheten i Møre og Romsdal. Befolkninga legg beslag på vel 10 % mindre sjukehussenger enn gjennomsnittet i Møre og Romsdal og omtrent som gjennomsnittet i forbruk av polikliniske tenester. Med "Aktiv på dagtid" og et godt utbygd nett av sykkel- og gangstiar, ligg det no godt til rette for dei som ynskjer å ta vare på helsa si. Dette er eit godt utgangspunkt for samhandlingsreforma som kjem i 2012.

### Helsesenteret

Det er budsjettert med rehabilitering av inventar, innreiing og ventilasjon på helsesenteret og dette blei påbegynt høsten 2010. Vidare utbygging fortsetter i 2011 når barnevernet og oppvekst og kultur flytter over til helsesenteret og ein håper at dette arbeidet vert avslutta i løpet av 2011.

### Dagsenter i psykiatri

Dagsenter for psykiatri vart overført til helsetenesta og er no flytta inn i nytt dagsenter saman med Bergtun. Lokala er godt tilrettelagt for vidare drift og det er gjort litt med organiseringa av tenesta for å kunne planlegge drift og aktivitetar for brukarane.

### Nøkkeltal Helse:

- ✓ *Legetimar pr. bebuar i sjukeheim: 0,24 (gjennomsnitt 0,28)*
- ✓ *Legeårsverk pr.1000 innbyggjar: Aukra:9,2, M&R:10,1,landet:9,6*
- ✓ *Fysioterapiårsverk pr.1000 innb:Aukra:9,2 M&R:8,2,landet: 8,6*

### Legekantoret

Høg aktivitet med 2400 fastlegepasientar og elles tilbod til alle som oppheld seg i kommunen. Vi har investert i ein del nye datamaskinar men programvaren for dataprogrammet som vi brukar er for dårleg. Det har ført til ein del driftsproblem og vi reknar med at vi kjem til å bytte programleverandør i 2011. Gamalt ultralydutstyr blei bytta ut i januar 2011 og gjer at vi kan vere meir sikre på diagnostikk.

### Helsestasjon og jordmor tenesta

Frå hausten 2009 fekk jenter i 7. klasse tilbod om vaksine mot livmorhalskreft Elles er det 100% oppslutning om alle andre anbefalte vaksiner i vaksinasjonsprogrammet. Alle som ynskjer det får tilbod om kontrollar hos jordmor, som samarbeidar med legane om kontrollane av dei gravide. Talet på fødsjar har gått ned og var på 35.

### Kommunefysioterapi og ergoterapi

Kommunen har ein kommunefysioterapeut og to privatpraktiserande fysioterapeutar. I tillegg har vi ergoterapeut som m.a har ansvar for hjelpemidlar. Den kommunale fysioterapeuten har spesielt ansvar for rehabilitering og individuell plan, men det er behov for å sjå nærare på korleis denne tenesta skal bli styrka i 2011.

**Ambulansetenesta og legevakt.**

Dr Riiber har avtale med Helseforetaket om midlertidig drift fram til 1. juli 2011. Da skal båten ha fått installert nye motorar og styresystem i fylgje kravspesifikasjon og gå inn i ordinær drift. Motorpassarane har gjennomført fullverdig utdanning som ambulanspersonell og i ny ambulanseplan er det foreslått at Aukra får bemanna ambulansetasjon. Kommunestyret har i eiga sak gått inn for at vi framleis skal ha legevaktsamarbeid med Midsund og Sandøy.

**Økonomi**

Fordelt til drift 2010:

Regnskap 2010	Buds(end) 2010	Avvik	Avvik i %	Regnskap 2009
9 174	11 396	-2222	-19,5	14 902

Drifta gjekk med solid overskot i 2010. Det var vore mindre køying for ambulansbåten og vi har ikkje hatt alle stillingar besatt, fordi det har vore vanskelig å bemanne deltidsstillingar ved sjukefråver. Ved legekantoret har vi hatt laboratoriet stengt på onsdagar.

KOSTRA Kommnehelse	Aukra	Gj.snitt M&R	Landet u/Oslo
Brutto driftsutgifter pr. innbygger (funksjon 232, 233 og 241)	3218	2274	2200
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten	2667	1859	1740
Netto driftsutgifter til forebyggende arbeid, helse pr. innbygger	121	83	101
Netto driftsutg til diagnose, behandling og rehabilitering pr. innbygger	2029	1330	1243

**Utfordringar for eininga framover**

Vi har behov for tettare og nærare samarbeid på ein del område. Vi starter med legetilsynet på Aukraheimen, der vi ynskjer tverrfaglege møter med m.a fysioterapeut, ergoterapeut, lege og sjukepleiar for å legge opp til ei betre behandling og rehabilitering av pasientane. Det same bør ein også sjå på når det gjeld heimetenesta. Vi bør sjå nærare på korleis vi skal organisere rusomsorga og gjennomføre individuell plan for dei som treng det. Vi bør også satse meir på ulykkeførebyggjande tiltak og stimulere til at folk kan ta betre vare på helse si. Bakteppet er Samhandlingsreforma som vi må førebu oss på.

*Roald Borthne  
Kommuneoverlege  
Einingsleiar Helse*



## Plan, utvikling og samfunn



Syklar vart i 2010 plassert ut til gratis utlån i kommunen, i tråd med tiltak i EMK-plana.

**Avdelinga har i 2010 5 faste personar knytt til avdelinga i tillegg til stillingsressursen vi kjøper frå Fræna kommune på landbrukssaker.**

**I tillegg har avdelinga hatt eit engasjement for skanning av bygningsarkivet. Det vert også kjøpt inn konsulenttenester på nokre oppmålingssaker og reguleringsplaner etter behov.**

**Det er ingen etterslep eller venting på handsaming av søknadar knytt til verken byggesak, oppmålingsarbeid eller handsaming av private reguleringsplanar.**

### **Overordna planarbeid**

Kommuneplanarbeidet har også fått stor merksemd i løpet av året. Det vart stadfesta ferdig plan for Energi- miljø og klimaplan. I tillegg har det vore stor aktivitet knytt til samfunnsplana  
Samfunnsplana vert stadfesta i 2011.

### **Regulering**

Det har vore mange reguleringssaker i handsaming i 2009. Dei kommunale planane vart i all hovudsak utferda ved eigen bemanning.

### **Byggesak og oppmåling**

Det var stor aktivitet både på byggesak og oppmåling også i 2010. Gebyrinntektene vart som budsjettert for byggesak, men langt over for oppmåling.

Ny Matrikkellov og ny bygningslov vart sett i verk for 2010. Dette har betydd omleggingar og nye regelverk avdelinga har sett seg inn i. Det må påventast opplæring også i tida som kjem knytt til endringane.

### **Fokus på grunnnerverv**

Det er gjennomført grunnnerverv på del 2 av nytt bustadfelt på Falkhytten (Falkhytten gard) samt nye bustadfelt på Julsundet – Torhaugmyra. Alt grunnnerverv er gjennomført ved frivillige avtalar og takstane er gjort etter utarbeidde takstar frå eksternt firma.

### **Arbeid med nærings saker**

Det var også bra aktivitet på næringsarbeid i 2010. Det er utbetalt tilskot på ramma kommunen fekk oversendt – kr. 640.000,- gitt tilsagn på utbetalingar på om lag 1.2 mill. Dette syner ein positiv interesse for vidare næringsutvikling i kommunen.

Kommunen har også fått ansvaret med å følgje opp RDA-fondet som Aukra næringsforum har hatt sakshandsaminga på. Rapporteringa på både kommunalt næringsfond og RDA-fondet har vi fått godkjenning på.

### Nøkkeltal Plan, samfunn og utvikling:

- ✓ Byggesøknadar: 234
- ✓ Utsendte målebrev: 89
- ✓ Stadfesta reguleringsplanar: 7
- ✓ Tal på planer under behandling 24
- ✓ Kr.640.000,- utbetalt frå Næringsfondet.

### **Oppfølging av planarbeidet**

Avdelinga har som følgje av blant anna Energi, miljø og klimaplana gjennomført nokre tiltak. Dette er blant anna innkjøp av gratis sykkelordning i kommunen og stimuleringsstilskotet for landbruket med fyrste søknadsrunde 1.mars.

**Teknologi**

Den felles kartportalen [www.romsdalkart.no](http://www.romsdalkart.no) fungerer som den skal. I 2010 har vi sett i verk utbetringar av den. Blant anna har mykje arbeid gått med til å oppgradere reguleringsplanar etter ny standard.

**Breiband**

Avdelinga har hatt ansvar med og gjennomført avtalar vedkjem breibåndbygging for om lag 2 millionar i 2010.

**Viltforvaltning**

Det vart gitt løyve til felling av 260 rådyr og 60 hjortar samt 2 elgar i kommunen. Av desse vart det felt 214 rådyr, 55 hjortar og 2 elgar.

**Økonomi**

Fordelt til drift 2010:

Regnskap 2010	Buds(end) 2010	Avvik i %	Regnskap 2009
2 212	2 388	-176	2 071

Budsjettramma for 2010 var kr. 2.388,-. Resultatet vart omlag som budsjettet.

KOSTRA	Aukra	Gj.snitt M&R	Landet u/Oslo
Netto driftsutgifter til fysisk planlegging, kulturminner, natur og nærmiljø per innbygger.	949	482	487
Korrigerte brutto driftsutgifter fysisk tilrettelegging og planlegging, per årsinnbygger	1229	494	458
Brutto driftsinntekter til fysisk planlegging, per innbygger	634	309	351

**Utfordringar framover:**

- Stadfesting av samfunnsplana
- Tettstadplanlegging Falkhytten
- Trafikktryggingssplana
- God kompetanse i alle tenesteoppgåver
- Plan for samla utvikling i Julsundet

*Arild Grønsberg*

*Einingsleiar*

*Plan, utvikling og samfunn*



## Forvaltning, drift og vedlikehold



Grunnarbeid på skoletomta starta hausten 2010

2010 var eit år med stor utbyggingsaktivitet innafor FDV sine arbeidsområde. Nemner kort: Utbygging av vassforsyning Tverrlia – til Nerbøen (prosjektkostnad 38 mill inkl.mva). Byggearbeidet starta i november 2009 med ny inntaksleidning i Tverrlivatnet og hovedutbygginga har pågått i 2010 med fjordkryssingar i to strekningar. Oppstart av grunnarbeida for Riksfjord skole med 1. entrepris og prosess for totalentrepris bygg blei gjennomført. Samla har FDV rapportert på 25 store og mindre investeringsprosjekt under arbeid og prosess i 2010 (pr. sept). Samla er store og mellomstore prosjekt gjennomført under godkjend projektramme dei fire siste år. (Margin er ca 5 %, i detalj avhenging av nøyaktig periode og eksklusive nyskolen på Falkhytten.) Det er derfor knytt stor spenning til endeleg resultat for byggentreprise for Riksfjord Skole.

Utedrifta med veg, vatn og avløp har fungert svært bra. Dette målar vi godt på driftsindikatorane i FDV systemet for vassforsyning og avløp. I 2010 hadde vi ingen alvorlige avvik i produksjonen av vatn. Utedrifta med byggvedlikehald og vaktmeistertjenester er no godt innarbeidd med nytt system og faggruppa arbeider på tvers av skilje mellom einingane vi før hadde.

### Nøkkeltal FDV:

- ✓ Årsgebyr for vassforsyning Aukra kr.2.240, M&R kr.2.690, landet kr.2.707.
- ✓ Årsgebyr avløpstenesten Aukra kr.2000, M&R kr.2.152, landet kr.3.101.
- ✓ Årsgebyr for avfallstenesta Aukra kr.2.880, M&R kr.2.389 landet kr.2.296,-.
- ✓ Lengde kommunal vegar og gater i km pr 1000 innbygger Aukra 13.1, M&R 11.1 Landet 8.8
- ✓ Gang-og sykkelveg i km som er kommunalt ansvar pr 10 000 innbygger Aukra 113, M&R 26 Landet 37

### VAR (Vatn, avløp og renovasjon)

#### Vatn :

Både kvantitet og kvalitet i vassproduksjonen har vore god i 2010. Vatn til forbrukar har vore levert utan vesentlege avvik og i den mengde som har vore etterspurd. Unntak frå dette har vore nokre tilfelle med vassleidningsbrot og lokal følgje av slike hendingar. Mattilsynet gjennomførte tilsyn i desember og det blei ikkje avdekka avvik ved tilsynet. I 2010 var 104 % av gebyrgrunnlaget (??) utnytta. Overskott avsett i driftsfond er på kr 359.487,-. Akkumulert overskott er på 2.710.677.

#### Avløp :

Drift av avløpsnett og reinseanlegg har gått utan vesentlege avvik i 2009. Unntak frå dette har vore eit tilfelle med leidningsbrot og lokal følgje av dette.

I 2010 er 88 % av gebyrgrunnlaget utnytta. Underskott i avgiftsrekneskapen er på kr 458.917,-. Akkumulert underskott blir på kr 952.015,-.

Utgiftene til avløpsområdet er godt i samsvar med eit stramt budsjett, 98%, medan inntektssida er på 66% av budsjett. Kommunale årsgebyr gir ikkje inntekt i samsvar med avgiftsgrunnlaget. Dette må derfor bli eit tema ved avgiftsvedtak framover.

#### Slamtømming:

Slamtømminga har i 2010 eit overskott på 62.318,-.



### Renovasjon :

Gjennomført av RIR.

I 2010 er 100 % av gebyrgrunnlaget utnytta. Underskott på kr. 3.202,-. Akkumulert overskott er redusert til 52.507,-. (Vi har framleis drift av gamal fylling)

### Kommunale bygg

I tillegg til vaktmeistertjenester generelt er det i 2010 gjennomført fullrenovering av to bueiningar på Bergtun og ei er påstarta for full renovering. Fem omsorgsbustader og ein utleigebustader blei malt utvendig i sommar. Aukraheimen har fått pussa nordboføløya utvendig. Ein del vindu på Solem skole er skifta . Rehabilitering av ei fløy på Helsesenteret er starta opp. I tillegg mange mindre men viktige tiltak.

### Veg.

Drift av kommunal veg blei overskredde med 30 %. Utgiftene til vintervedlikehald blei for 2010 meir enn dobbelt så høge som forutsatt.( 2.080.000,- kr og budsjettet 900.000,-) Det var derfor sett i verk innsparingstiltak frå sommaren 2010 for om mogeleg å halde budsjettet. Tiltaka har i hovudsak vore å redusere sommarvedlikehaldet både for arbeidstimar og materiell. Det er greitt å redusere aktiviteten eit år for å unngå overskridingar som skuldast uføresette vinterforhold, men etterslepet er no stort da 2010 var andre året med ”mykje vinter”. Det skjer også ei løpande auke i veglengde, veglysanlegg og areal på kommunale plassar som følgje av ny utbygging over investeringsbudsjettet. Dette er ikkje teke omsyn til i tilstrekkeleg grad ved fastsetting av ramme. Når budsjettåret 2010 er gått ser vi at ramma hadde halde utan så å redusere så mykje på aktiviteten som vi har gjort. Dette klarer vi likevel ikkje å sjå i mai månad før planlegging av sommarsesongen for vegvedlikehald vert gjort.

### Brann

Kommunen har etterkvart fått til ei godt kvalifisert utrykkingsavdeling med høg fagkunne. Ein ser no elles fram til å kome inn i

nye og permanente lokale. Sist vinter i teltet har vore problematisk på grunn av mange veker med låg temperatur. Vi har brukt diesellaggregat i tillegg til strøm for å halde forsvarlig temperatur. Brannbilen kan ikkje ha for låg temperatur i vatnet ved utrykking i kaldt vær.

Tilsyn i § 13 bygg for 2010 vart utført som eigenmelding dvs at byggherre sjølv må sjå etter og finne ut om bygget er i orden brannteknisk. Alle bygga § 13 bygga som fekk dette pålegget har svart stadfestande på at dei har gjennomført pålegget.

Feiing i 2010 har vore utført i av Molde brannvesen i samsvar med gjeldande lover og føresegner.

### Økonomi:

Fordelt til drift 2010:

Regnskap 2010	Buds(end) 2010	Avvik	Avvik i %	Regnskap 2009
8 985	10 442	-1 457	-14,0	8 623

### Budsjettramma for FDV ansvar 62(Drift)

var på 10.442.357,- og resultatet er på 8.985.012,-.

Eksempel på større enkeltavvik er –

- Drift av kommunal veg blei overskredde med 30 %. Utgiftene til vintervedlikehald blei for 2010 meir enn dobbelt så høge som forutsatt (2.080.000,- kr og budsjettet 900.000,-)
- rekneskapsført meirinntekt frå utleige av fiskarfagskulen kr 1.355.000,-
- meirkostnader ved leige og innkjøp av tekniske komponentar pga teknisk svikt i symjebassenget, er åleine på 290.000 kr .
- leigeinntekter frå kommunale industriområder er lågare budsjett med kr. 667.000,-. (Areal vert seld eller leige-forhold stopper ved flytting og lignende)

### Budsjettramma for FDV ansvar 65 (Brann)

var på 3.492.241 og resultatet er på 4.251.615,-.

Fordelt til drift 2010:

Regnskap 2010	Buds(end) 2010	Avvik	Avvik i %	Regnskap 2009
4 252	3 492	760	21,8	3 349



Nemner her kort:

- at løn og lønsrelaterte postar, (art 10100 til 1090) for utrykking og øving har eit meirforbruk aleine på kr. 553.313,-. Slike kostnader berre i mindre grad styrbare innafor året for brannområdet.
- Straum og fyringsutgifter i teltet har ut over budsjett kosta kr.79369,-.
- Leigeutgifter telt og varme, ut over budsjett kr. 95.578,-.

Samla for FDV sine ansvarsområde 62 og 65, drifta halde innafor ramma med margin på 759.000 i 2010.

KOSTRA	Aukra	Gj.snitt M&R	Landet u/Oslo
<b>Samferdsel</b>			
Korrigerte brutto driftsutg. i kr pr. km komm. vei og gate i alt	147738	99250	97852
Korr. brutto driftsutg. i kr pr. km komm. vei og gate, drift og vedl., nyanl.	94333	81433	83136
Korr. brutto driftsutg. i kr pr. km komm. vei og gate- miljø-/trafikkikkerh.	53405	17817	14717
Netto driftsutgifter i kr pr. innbygger, samferdsel i alt	1968	1029	722
<b>Brannvern</b>			
Netto driftsutgifter til funksjon 339 (beredskap mot brann og ulykker) pr. innbygger	1339	695	568

### Investering:

Investeringsprosjekta er omtalt detaljert i årsrekneskapen, men nemner her kort nokre viktige utbyggingsprosjekt som i hovudsak blei gjennomført i 2010..

- \* Utbygging av vassforsyning Tverrlia – til Nerbøen – budsjett på 38 mill.kr.inkl.mva.
- \* Tomteopparbeiding for skole i sentrum nord.

- \* Rehabilitering av nordfløya utvendig(Nordbo) på Aukraheimen
- \* Gjennomført første strekninga med LED vegbelysning. (Straumsparende anlegg)
- \* Bygging av vognhall for brannvernet
- \* Innkjøp av grunn til bustadfelt i Torhaugmyra og tilrettelegging av vatn og avløp i samdrift med utbygging av vassforsyning frå Tverrlia til fjorden.

### Utfordringar for eininga framover:

Gjennomføring av mange investeringsprosjekt som utbygging Riksfjord skole, utbygging av bustadfeltet Falkhytten sør med tekniske anlegg og avløpsanlegget Falkhytten – Horrem.

Vi hadde som mål i 2010 å få til endringar som gjer at vi kan halde eit nivå på renovasjonsgebyret som ikkje avvik i vesentleg grad frå RIR området elles. Dette har vi klart ,men å få endra samarbeidsavtalen med RIR slik at kommunen slepp å finansiere drift av den gamle avfallsplassen m.v, er vi ikkje kome i mål med.

Straumutgiftene generelt og spesielt til veglys vil bli ei utfordring framover. I 2011 vil vi fortsette arbeidet med å planlegge/gjere tiltak på veglysnettet. Nye anlegg blir bygd med LED belysning.

Dårleg inndekning av utgiftene til avløpsområdet er bekymringsfullt. Vi har no eit akkumulert underskott og vi må ta stilling til korleis vi løyser dette problemet. Dersom vi kan unngå auke i avgifta for vatn og renovasjon neste år, kan avløpsavgifta aukast meir enn prisstigning og inntekta bli meir i tråd med utgifta. Dette er ikkje det einaste verkemiddelet og andre tiltak må vurderast.

*Terje Urdshals*

*Einingsleiar Forvaltning, drift og vedlikehald*





## NAV Aukra



Dei tilsette ved NAV Aukra. Frå venstre: Monica Solheim, Edny Sletten, Solveig Kristine Vassdal, Tor Steinar Misund, Sollaug Sætervik Sporsheim, Jannicke Solem.

**NAV Aukra skal være eit arbeids- og velferds kontor som står fram som ein einskap for brukarane, uavhengig av om dei etterspør statlege eller kommunale tenester. Dette er ei krevjande oppgåve som i 2010 har kravd at vi brukt mykje tid til opplæring, deling av kompetanse og erfaringar i kontoret. Parallelt med dette har vi forsøkt å levere tenester med same kvalitet som tidligare. At vi store delar av året og har hatt ei stilling vakant har gjort dette arbeidet ekstra utfordrande.**

### Nøkkeltal NAV:

- ✓ Det er gitt økonomisk sosialhjelp til 37 personar. 30 av desse fikk stønad i mindre enn fire månader.
- ✓ Samla er det utbetalt økonomisk sosialhjelp med kr 757 050.
- ✓ Det er ei stor auke i etterspurnaden etter gjeldsrådgeving.
- ✓ Det er innvilga startlån med kr 4 095 000. I tillegg er det gitt tilsegn om startlån for kr 1 350 000.
- ✓ I snitt er det kvar måned 20 personar som har støttekontakt.
- ✓ Fem personar fekk vedtak om deltaking i Kvalifiseringsprogrammet.

### **Kompetansebygging**

Det er satt i verk fleire kompetansefremmande tiltak for å underbygge kravet om å tilby

einskaplege tenester på tvers av dei kommunale og statlege ansvarsområda. Dette har i stor grad skjedd gjennom kompetanseoverføring mellom dei tilsette i kontoret. Innan fleire fagområde har vi og delteke i nettverkgrupper og faglege fora saman med tilsette i andre NAV-kontor i regionen. Ein av dei tilsette gjennomfører vidareutdanning innan rus.

### **Kvalifiseringsprogrammet**

NAV Aukra har i 2010 etablert Kvalifiseringsprogrammet som eit tilbod i kommunen. Dette er ei ordning for personar med vesentlig nedsett arbeids- og inntektsevne og med ingen eller svært avgrensa ytingar i folketrygda. Målet med programmet er å forsterke innsatsen overfor personar som er eller kan bli avhengige av sosialstønad over lengre tid. Det skal bidra til at fleire i målgruppa kvalifiserar seg til og kjem ut i arbeid og aktivitet gjennom tettare og meir forpliktande bistand og oppfølging. I 2010 har fem personar fått vedtak om deltaking i kvalifiseringsprogrammet.

### **Gjeldsrådgeving**

Vi har opplevd ei stor auke i etterspurnaden etter gjeldsrådgeving. Dette er eit svært omfattande og krevjande arbeid som og tek mykje tid. Sjølv om vi har gode erfaringar frå dette arbeidet, og oppnår positive resultat for dei som ber om hjelp, nærmar vi oss no tolegrensa for kor mange vi kan gje eit slikt tilbod samstundes. Fire rettleiarar i kontoret gjev i dag slik rådgeving. Alle har minimum grunnkurs i gjeldsrådgeving. Dei som ikkje har gjennomført vidaregåande kurs skal gjere dette i 2011.

### **Kontakt med næringslivet**

Vi har hatt ein utstrakt kontakt med næringslivet i kommunen. Vi har delteke på ei rekke oppfølgingsmøtar ute på arbeidsplassen, mellom anna i samband med oppfølging av sjukmelde. Fleire brukarar er og gitt arbeidspraksis i ulike verksemder i kommunen.



**Økonomi**

Fordelt til drift 2010:

Regnskap 2010	Buds(end) 2010	Avvik	Avvik i %	Regnskap 2009
4 458	4 403	55	1,2	0

**Mål/utfordringar i 2011:**

- Fylle vakant stilling i kontoret.
- Auke fokuset på oppfølging av ungdom under 24 år som ikkje er i utdanning eller arbeid.
- Vidareføre arbeidet med Kvalifiseringsprogrammet.
- Styrke oppfølginga av rusmiddelbrukarar, jf den nasjonale opptrappingsplana for rusfeltet.

- Styrking av samarbeidet på tvers av etatar, einingar og faglege miljø i kommunen.
- Dekke ein aukande etterspurnad etter støttekontaktar, særleg knytt til oppfølging av rusmiddelbrukarar.
- Gje dei tilsette tilbod om naudsynt opplæring, fagmøte, kurs og etterutdanning. Dette er viktig for å kunne gje eit godt tilbod til brukarar med samansette behov for tenester og oppfølging og som treng bistand over tid.

KOSTRA	Aukra	Gj.snitt M&R	Landet u/Oslo
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger	776	1104	1484

*Tor Steinar Misund,  
NAV-leiar*